



---

Dato	29.11.2024
Vår referanse	2024/58166-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Gunn Ragnhild Berge Opdahl
E-post	Gunn.Ragnhild.Berge.Opdahl@vlfk.no
Telefon	

Musikkutvalget  
Kultur- og likestillingsdepartementet, Postboks  
8030 Dep  
0030 OSLO

### **Innspel til NOU om gjennomgang av musikkfeltet**

Takk for invitasjon til å ta del i arbeidet med NOU for musikkfeltet, og me sender vedlagt innspel frå Vestland fylkeskommune.

Fylkesutvalet handsama sak om dette 25.11, og vedtok 5 punkt som Vestland fylkeskommune vil be utvalet sjå nærmare på. Som del av saka vart det utarbeidd oversikt over musikkfeltet i Vestland, fylkeskommunen sine kulturpolitiske målsetjingar og økonomiske verkemiddel. Vi sender også sektorbudsjettet for kultur og folkehelse i Vestland.

Me vil laste opp innspelet på nettsida til Musikkutvalget.

Vestland fylkeskommune ønskjer utvalet lukke til vidare i arbeidet og ser fram til ei heilskapleg gjennomgang av musikkfeltet.

#### **Med helsing**

Per Morten Ekerhovd  
direktør  
kultur og folkehelse (KFO)

Tone Stedal Haugland  
konst. seksjonsleiar  
KFO-kulturutvikling

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

#### **Vedlegg**

- 1 Innspel til NOU om gjennomgang av musikkfeltet
- 2 Saksprotokoll FUV
- 3 Rapport om musikkfeltet i Vestland
- 4 Sektorbudsjett 2024 for kultur og folkehelse - oppfølging av budsjettvedtak i PS 116\_2023 i Fylkestinget

## Saksgang

Utv.	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering		18.11.2024
Fylkesutvalet		25.11.2024

## Innspel til NOU om gjennomgang av musikkfeltet

### Forslag til innstilling

- Grunnopplæring i musikk, fordjuping og talentutvikling er viktig for eit vitalt musikkliv. Vestland fylkeskommune ber NOU-utvalet særleg sjå på overgangane mellom dei ulike nivåa, og om det finnast god geografisk spreiing.
- Vestland fylkeskommune ber NOU-utvalet om å sjå på korleis ein kan auke samarbeid og kompetanseoverføring mellom dei store institusjonane, kulturskulane og det frivillige kulturlivet.
- Vestland fylkeskommune meiner at det er naudsynt å auke fokus på kulturarenafeltet. Ein bør mellom anna sjå på bruken av spelemidlar til kulturarenaer, og ulikskap i dekningsgrad nasjonalt.
- Vestland fylkeskommune ber om at NOU-utvalet ser på korleis ein kan forbetre høva til å leve som kunstnar i musikkfeltet i heile landet, òg utanfor dei største byane.
- Vestland fylkeskommune ber utvalet sjå på korleis musikkbransjen kan drive mest mogleg berekraftig, til dømes ved å ha meir klimavennlege kulturarenaer, turnear og festivalar.

### Samandrag

Regjeringa har utnemnt eit utval som har fått mandat for NOU om heilskapleg gjennomgang av musikkfeltet. Rapporten frå utvalet skal leggjast fram for Kultur- og likestillingsdepartementet våren 2025. Utvalet som har fått mandatet ber om innspel til arbeidet. Vestland fylkeskommune sender med denne saka over innspel til NOU-arbeidet. Vi sender med vedlagt rapport som er utarbeidd for dette høvet. Den inneholder ei oversikt over musikkfeltet i Vestland, og fylkeskommunen sine kulturpolitiske målsetningar og økonomiske verkemiddel på musikkfeltet.

**Rune Haugsdal**  
fylkesdirektør

**Per Morten Ekerhovd**  
direktør  
Kultur og folkehelse (KFO)

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

1

Rapport om musikkfeltet i Vestland

## Saksutgreiing

Regjeringa har nemnd opp eit utval med [mandat](#) til ein heilskapleg gjennomgang av musikkfeltet. Musikkutvalet ble oppnevnt ved kongelig resolusjon, 9. juni 2023, og med utvalgsleiar og 15 utvalsmedlemmar. Våren 2025 skal utvalet levere sluttrapport i form av ei norsk offentleg utgreiing (NOU) til Kultur- og likestillingsdepartementet.

Føremålet med NOU-en er å sjå institusjonar, organisasjonar, frivilligkeit, skaprarar, utøvarar og verkemiddelapparatet i samanheng. Regjeringas mål med utgreiinga er å betra vilkåra for musikkverksemd, sikre effektiv bruk av ressursar og eit levande musikkliv i heile landet.

Fylkesdirektøren har utarbeidd rapport til NOU-utvalet(vedlagt). Der har ein samla informasjon om musikkfeltet i Vestland. Det er også ein oversikt over fylkeskommunen sine kulturpolitiske målsetningar og økonomiske verkemiddel på musikkfeltet.

I vedteken kulturpolitikk er Vestland fylkeskommune oppteken av heilskapen, og dei ulike delane som til saman utgjer eit samla musikkliv. I samsvar med dette ser ein det som viktig å leggje til rette for både kulturskulane, det frivillige musikklivet, så vel som dei profesjonelle aktørane. Fylkesdirektøren meiner at mandatet til NOU-utvalet dekkjer store delar av kunnskapsbehovet som er nødvendig for å få dette til, og ser fram til gjennomgangen av dette komplekse og viktige feltet.

Fylkesdirektøren vil særleg framheve følgjande område som er særskilt viktig for musikkfeltet i Vestland:

### Talentutvikling

Ei prioritering for fylkeskommunen er at fordjupningstilbod og talentsatsing i Vestland vert styrka. Det profesjonelle musikkfeltet i Vestland markerer seg i nasjonal og internasjonal samanheng. Grunnlaget for å bli kunstnar eller kulturarbeidar vert for mange lagt gjennom deltagning i frivillige lag og organisasjonar, i grunnskulen, kulturskulen eller i møtet med Den kulturelle skulesekken. Det er ei målsetting å vidareutvikle samarbeidet mellom vidaregående opplæring, utdanningsinstitusjonane og kulturinstitusjonane, og å auka samarbeid og kompetanseoverføring mellom dei store institusjonane og det frivillige kulturlivet. Det er viktig at overgangane mellom dei forskjellige nivåa er enkle, og at det finst god geografisk spreiing.

### Arenapolitikk

I samsvar med vedteken politikk, vil Vestland fylkeskommune leggje til rette for at ein kan skape, utøve og formidle musikk i heile fylket. Ei utfordring er likevel manglande eller därleg eigna lokale for utøvarar og publikum, både på det profesjonelle og det frivillige musikkfeltet. Fylkesdirektøren meiner at det er naudsynt å auke bruken av spelemidlar til kulturarenaer, og å retta opp ulikskap i dekningsgrad nasjonalt.

### Kunstnarpolitikken

I samsvar med regional kulturplan 2023-2035, er det viktig å sikre breidda av musikkarar i alle delar av landet, også utanfor dei store byane. Det er både viktig med stabile institusjonar og å legge til rette for det frie feltet, og det trengs fleire typar verkemiddel. Ei auka satsing på statens kunstnarstipend vil sikre ei minimums inntekt for denne gruppa og ha store positive ringverknader i form av stabilitet, kompetanse og utviklande prosjekt i musikklivet i by og bygd.

### Eit berekraftig musikkliv

Alle planar i Vestland skal bygge på FN sine berekraftsmål, m.a. Regional plan for kultur i Vestland 2023 – 2035. Mange aktørar i musikkfeltet jobbar godt med m.a. å få eit meir klimavennleg musikkliv og samfunn. Ein håper difor NOU-utvalet kan arbeidet med å få oppdatert og samla kunnskap om korleis musikkbransjen skal driva mest mogleg berekraftig, til dømes meir berekraftige og klimavennlege kulturarenaer, turnear og festivalar.

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse i saka jf. Reglement for folkevalde organ og delegering, kap.7, siste kulepunkt: Fylkesutvalet gir på vegner av Vestland fylkeskommune uttale i alle høyringssaker, med unntak av dei sakene kor hovudutvala kan gi høyringsuttale.

**Medverknad**

Saka er ikkje lagt fram for medverknadsorgana.

**Vurderingar og verknader****Administrative/økonomiske konsekvensar:**

Ingen direkte økonomiske konsekvensar. Vestland fylkeskommune tek regionalt ansvar for kulturlivet i samvar med gjeldande planar og politiske vedtak.

**Klima:**

Ikkje relevant i denne saka.

**Folkehelse:**

Kultur er viktig for folkehelsa.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Dette høyringssvaret er forankra i Kultur bygger samfunn. Regional plan for kultur 2023 – 2035.

**Konklusjon**

Vestland er eit sterkt kulturfylke som i nasjonal målestokk har eit sterkt profesjonelt miljø og høg deltaking i frivilligheita på musikkfeltet. Det er avgjerande for Vestland at desse miljøa vert vidareutvikla i forståing med lokale, regionale og nasjonale interesser.

Kompetansebygginga innan musikken på det frivillige feltet, i kulturskulane og andre organisasjoner er grunnleggjande for musikkfeltet og samfunnet i sin heilskap. Både eigna kulturarenaer og gode støtteordningar for kunstnarar er naudsynt for å betra vilkåra for musikkverksemd, og eit framleis levande musikkliv i heile landet.


## Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 25.11.2024

### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. Grunnopplæring i musikk, fordjuping og talentutvikling er viktig for eit vitalt musikkliv. Vestland fylkeskommune ber NOU-utvalet særleg sjå på overgangane mellom dei ulike nivåa, og om det finnast god geografisk spreiing.
2. Vestland fylkeskommune ber NOU-utvalet om å sjå på korleis ein kan auke samarbeid og kompetanseoverføring mellom dei store institusjonane, kulturskulane og det frivillige kulturlivet.
3. Vestland fylkeskommune meiner at det er naudsynt å auke fokus på kulturarenafeltet. Ein bør mellom anna sjå på bruken av spelemidlar til kulturarenaer, og ulikskap i dekningsgrad nasjonalt.
4. Vestland fylkeskommune ber om at NOU-utvalet ser på korleis ein kan forbetre høva til å leve som kunstnar i musikkfeltet i heile landet, òg utanfor dei største byane.
5. Vestland fylkeskommune ber utvalet sjå på korleis musikkbransjen kan drive mest mogleg berekraftig, til dømes ved å ha meir klimavennlege kulturarenaer, turnear og festivalar.



# Rapport

Innspel til NOU om gjennomgang av musikkfeltet 2024



Vestland  
fylkeskommune

# Innhold

<b>Musikkfeltet i Vestland .....</b>	<b>3</b>
Musikknæringa.....	4
Artistane/kunstnarane.....	5
Internasjonal aktivitet .....	6
Frivilligheita på musikkfeltet.....	7
Vestland sine mål og prioriteringar i musikkpolitikken .....	8
Vestland fylkeskommune sine økonomiske verkemiddel på musikkfeltet .....	9
Tilskot til kulturutvikling.....	9
Tilskot til kulturformidling .....	11
Kultur og helse .....	11
Kulturarv .....	12
Immateriell kulturarv .....	12
Anna finansiering .....	12
Ansvars- og oppgåvefordelinga mellom kommunar, fylkeskommunen og staten .....	13
Litteraturliste .....	14

# Musikkfeltet i Vestland

Regjeringa har utnemnt eit utval som har fått mandat for NOU om heilskapleg gjennomgang av musikkfeltet. Regjeringa sine mål med utgreiinga er å betra vilkåra for musikkverksemd, effektiv bruk av ressursar og eit framleis levande musikkliv i heile landet. Rapporten frå utvalet i form av ein NOU skal leggjast fram for Kultur- og likestillingsdepartementet våren 2025. Utvalet ber om innspel til arbeidet. Denne rapporten skal gje ei oversikt over musikkfeltet i Vestland og Vestland fylkeskommune sin politikk og verkemiddel på feltet.

## **Musikklivet i Vestland**

Musikklivet i Vestland har stor breidde når det gjeld innhald, utforming og aktørar. Vestland er eit tyngdepunkt for profesjonell kunst i Noreg, og er leiande innan musikk gjennom både etablerte institusjonar som til dømes Musikkelskapet Harmonien, Bergen Nasjonale Opera, Bit20 Ensemble og Opera Nordfjord. I tillegg er det mange grupper, kunstnarar og artistar i den frie delen av feltet. Jazz og andre sjangrar improviserande musikk står sterkt i fylket. Komponistar og utøvarar av pop, rock og annan populærmusikk har gjort seg sterkt gjeldande nasjonalt og internasjonalt. Musikkfestivalar utmerker seg med kvalitet og nyskaping. Det er òg eit stort og breitt engasjement i det frivillige musikklivet, til dømes i kor og korps. Bergen er i ei særstilling som senter for heile Vestland, og ein samlingsstad for den profesjonelle kunsten og kunstnarane. Men mange av distriktskommunane utmerkar seg òg med høgare aktivitetsnivå og variasjon i kulturliv enn fleirtalet av kommunane i landet.

# Musikknæringa

Musikkfeltet bidreg til stor verdiskaping i fylket, både materielt, for den enkelte si utvikling og livskvalitet, og for sosial samhandling. Fylkeskommunen har som mål å ta heile Vestland i bruk i denne kulturelle verdiskapinga. Ein prioritet er å stimulera samarbeid mellom kultur- og næringsliv om utvikling av kulturnæringerane, blant annen ved å koordinera innrettinga av næringspolitiske og kulturpolitiske verkemiddel og støtteordningar. Fylkeskommunen støttar derfor regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringar.

Vestland har miljø, kunstinstitasjonar og enkeltaktørar innan dei fleste musikksjangrar på eit høgt nivå. Dette gjer at musikken har vorte ein viktig kreativ næring. I seinare år har særleg Bergen teke ein posisjon som den byen i Noreg som skaper flest internasjonale kommersielle suksessar.<sup>1</sup> Dette har bidrige til at Bergen blir sett på som ein av Nordens leiande musikkbyer, og byen har vorte ein motor for utviklinga i heile fylket. Mange kunstnarar markerer seg tydeleg både nasjonalt og internasjonalt, til dømes Alan Walker, Aurora og Kygo. Dei er eksemplar på at det ligg eit stort næringspotensial i kommersielle internasjonale musikkarrierar for artistar frå Vestland.

Det er konsertinntekter som utgjer den største delen av inntektene i musikkbransjen. Ifølgje rapporten *Kunst i tall 2021. Inntekter fra musikk, litteratur, visuell kunst*<sup>2</sup> stod konsertbillettar for over 60 prosent av inntektene i bransjen i 2019. Innspelt musikk og rettsinntekter har representert omkring ein femdel kvar, medan eksportinntekter ligg på 7 og 9 prosent av dei totale inntektene.<sup>3</sup>

Når det gjeld kulturrangement i Vestland låg omsetninga på til saman 549 millionar kroner i 2022. Dette utgjer 856,3 kroner per innbyggjar, 27 % over landsgjennomsnittet og nest høgast av fylka. I Vestland har det vore spesielt sterkt vekst innan konsertar og festivalar. Omsetninga på konsertar utgjer 465,8 kroner per innbyggjar.<sup>4</sup>

Verdiskapinga til musikkfeltet gir dessutan regionaløkonomiske effektar eller ringverknader. Festivalar og konsertar bidreg til kjøp av varer og tenester lokalt og besøkjande utanfrå som kjøper overnattings- og serveringstenester.<sup>5</sup> Til dømes har den norsk metall-sjangeren mange fans i utlandet, og metall- festivalar tiltrekker seg eit stort internasjonalt publikum til Bergen over fleire dagar.

Digital delingskultur gir grunnlag for vekst og nyskaping i kultur- og samfunnsliv. Samtidig har den digitale utviklinga store konsekvensar for musikkfeltet når det gjeld skapingsprosessar, publikum og formidling. Musikarar og komponistar vil påverkast av dette både kunstnarleg og økonomisk.

Utfordringane som er peika ut for heile fylket er psykisk uhelse, sosial ulikskap, demografi og klimaendringar. Dette gjer seg òg gjeldande på musikkfeltet. Ei prioritering er å få oppdatert kunnskap om korleis musikkbransjen skal driva mest mogleg berekraftig, til dømes ved å få meir berekraftige kulturarenaer, turnear og festivalar.

---

<sup>1</sup> Musikkontoret BRAK: *Bergens musikkbransje. Kartlegging av bransje og frilansmarked*, s.3.

<sup>2</sup> Norsk kulturråd (2022) *Kunst i tall 2021*. [3104e82c-f1bc-4210-9be1-a7b79d59b1b5, s.16.](https://www.kulturradet.no/kunst-i-tall-2021)

<sup>3</sup> Ibid.

<sup>4</sup> [Norsk kulturindeks](https://www.kulturradet.no/norsk-kulturindeks)

<sup>5</sup> Samfunnøkonomisk analyse AS. *Verdien av kulturlivet for Voss. Rapport 09-2024*, s.35.

# Artistane/kunstnarane

Kunstnartettleiken i Vestland ligg på 4,5 kunstnarar per 1000 innbyggjarar, over middels av fylka. Av desse er den største gruppa musikarar og komponistar (1619 musikarar og komponistar av 2892 kunstnarar). Sidan 2017 har det vore vekst i denne gruppa, men veksten har vore sterkare på landsbasis.<sup>6</sup> Profesjonelle kunstnarar vel ofte å busetje seg i Bergen eller dei største tettstadene. I mindre lokalsamfunn er det mangel på profesjonelle kulturarbeidarar som kan leva av yrket sitt.

Musikkbransjen blir dominert av mange små aktørar, og undersøkingar viser at profesjonelle kunstnarar ofte har dårlegare levekår enn gjennomsnittet. Dette gjeld òg i Vestland. Majoriteten av artistane har så låge inntekter frå musikkverksemda at dei vanskeleg å livnæra seg på denne inntekta åleine.<sup>7</sup>

Kunstnarar i Vestland fekk 38 millionar frå Statens kunstnarstipend i 2023. Det utgjer 58 kroner per innbyggjar, nest høgst av fylka. Kunstnarar busett i Bergen står for 30 av dei 38 millionane til kunstnarar i fylket.<sup>8</sup> Betre stipendordningar vil kunne stimulere til eit aktivt og variert musikkuttrykk i regionen.

Sysselsetjinga innan musikk på landsbasis er sterkt kjønnsdelt, der menn utgjer 68 % og kvinner 32 %.<sup>9</sup> Denne kjønnsfordelinga er nesten identisk blant utøvande kunstnarar innan musikk i Den kulturelle skolesekken.<sup>10</sup> Dette korresponderer med Balansekunst si undersøking *Kartlegging av kjønnsfordelingen i Bergens musikkliv* fra 2018, som oppgjer ein kvinnedel på 32 % innanfor kategorien artistar. Dessutan er det ei stor grad av skeivfordeling innanfor dei ulike rollene i bransjen.<sup>11</sup>

Det er òg ein stor skeivskap mellom kvinner og menn når det gjeld deltaking på kulturarrangement. Tendensen er at kvinnedelen er mykje større, med unntak av meir kommersielle kulturtilbod som konserter.<sup>12</sup>

---

<sup>6</sup> Norsk kulturindeks: Lokalt kulturliv i norske kommuner. <https://kulturindeks.no/rapport/46/3/1>

<sup>7</sup> Musikkontoret BRAK: *Bergens musikkbransje. Kartlegging av bransje og frilansmarked*.

<sup>8</sup> Ibid.

<sup>9</sup> SSB: [Tabell 25. Sysselsatte<sup>1</sup> etter utvalgte kulturområder og kjønn. Per 4. kvartal – SSB, 30.10.2024](#)

<sup>10</sup> SSB: [Kjønnsfordeling blant utøvende<sup>1</sup> i Den kulturelle skolesekken etter kunst- og kulturuttrykk. Prosent. – SSB, 30.10.2024.](#)

<sup>11</sup> <https://www.balansekunst.no/nyheter/2018/10/30/kartlegging-av-kjønnsfordelingen-i-bergens-musikkliv>, 30.10.2024.

<sup>12</sup> NPU-konferansen 2024: *Kjønnsgapet. Trenger vi menn i salen?* Bergen, 24.10.2024. [Norsk publikumsutvikling | NPU-Konferansen 2024](#)

## Internasjonal aktivitet

Music Norway har reisetilskot for profesjonelle norske utøvarar, komponistar, låtskrivarar og musikkselskap. På landsbasis var det i 2019 om lag 650 aktørar som søkte reisestøtte for aktivitetar i utlandet.<sup>13</sup>

Ein del av artistane i Bergen er aktive internasjonalt, og får delar eller heile inntekta si frå utlandet. I undersøkinga til BRAK oppgjer 24 prosent av alle respondentane at heile eller delar av den musikkrelaterte inntekta deira blir generert utanfor Noreg. Av desse svarar 24 prosent at mellom 60-100 prosent av den musikkrelaterte inntekta blir generert i utlandet.<sup>14</sup>

Vestland fylkeskommune har venskapsavtalar som vart overførte frå Hordaland fylkeskommune, og som går langt tilbake i tid. Artistar frå Vestland deltek på ein årleg konsert i St Giles-katedralen i Edinburgh, Skottland, og i St Magnus-katedralen på Orknøyane. I tillegg gir musikkarar frå Vestland workshops i folkemusikk og årelege skulekonsertar på Orknøyane.

---

<sup>13</sup> Norsk kulturråd (2022) *Kunst i tall 2021*. [3104e82c-f1bc-4210-9be1-a7b79d59b1b5, s.37](https://www.kulturradet.no/kunst-i-tall-2021)

<sup>14</sup> Musikkontoret BRAK: *Bergens musikkbransje. Kartlegging av bransje og frilansmarked*, s.21-22.

# Frivilligheita på musikkfeltet

Vestland har framleis mange etablerte, aktive frivillige organisasjonar. Mykje av det frivillige arbeidet er lokalt, mens mange av dei frivillige organisasjonane har òg oppbygning med regionalt og nasjonalt ledd. Amatøraktivitet innan musikk og idrett utgjer ein særleg stor del av frivilligheita.

Ifølgje NKI, ligg Vestland på 5. plass blant fylka i Noreg når det gjeld innbyggjarane sin deltaking i korps, kor, historielag, husflidlag og kunstlag. Rundt 42 av 1000 innbyggjarar er aktive, det vil seie 27 386 personar. Særleg korpsdeltakinga er høg samanlikna med andre fylke, med 9355 aktive. Med 7480 personar som er aktive er òg kordeltakinga over middels av fylka.<sup>15</sup>

Frivillig innsats er svært viktig for kulturlivet, og på musikkfeltet kan nemnast festivalar. Under 50-års jubileet i 2023 hadde til dømes Vossa Jazz festivalen 250 frivillige som jobba på festivalen.<sup>16</sup> Mange festivalar og arrangement er ikkje er mogleg å drifte utan at ein stor del av innbyggjarane stiller opp. Til gjengjeld får innbyggjarane verdifulle tilbod, personlege nettverk, inkludering og trivsel.<sup>17</sup> Ein peikar òg på den helsemessige nytten av det frivillige musikklivet.<sup>18</sup>

Musikkorganisasjonane, spesielt Vestland musikkråd og dei to regionale korps forbunda (NMF Nordvest og NMF Hordaland), hevdar at utfordringane ofte handlar om eigna lokale til aktivitetene deira. Akustikk, lagerrom og universell utforming er ein gjengangar når det kjem til utfordringar. Elles kan det vere vanskeleg med tilgang på dirigentar og folk med musikkfagleg bakgrunn. Det blir òg nemnt at det tidvis er utfordrande å få folk til å ta på seg tillitsverv. Rekruttering og det å halde på musikkarar i t.d. korps i ungdomsåra er utfordrande, spesielt i distrikta.

Ei anna utfordring er skiftande demografi, til dømes endring i alderssamansetting og busetting. Mange organisasjonar i Vestland peikar på store utfordringar med å rekruttere personar til verv og generelt medlemskap, og dei strevar òg med å inkludere etniske og kulturelle minoritetar og menneske med nedsett funksjonsevne.<sup>19</sup>

Både jenter og gutter deltek i organisert aktivitet, men innan kulturaktivitetar er det jentene som har størst deltaking, medan gutane dominerer i idretten. Deltaking i idrett blir påverka sterkt av inntekta til foreldra, medan utdanningsnivået til foreldra er ein viktigare faktor for kulturaktivitetar. Ifølgje Ungdata er ungdom i Vestland generelt mest fornøgd med idrettsanlegga, medan dei er minst tilfredse med kulturtilboda og møteplassane for å vera saman med andre unge i fritida.<sup>20</sup>

<sup>15</sup> [Norsk kulturindeks](#), 04.11.2024.

<sup>16</sup> Samfunnøkonomisk analyse AS. *Verdien av kulturlivet for Voss*. Rapport 09-2024, s.8.

<sup>17</sup> Ibid s. 37.

<sup>18</sup> Ibid s. 35

<sup>19</sup> [Utfordringsrapport](#) for utviklingsplan for Vestland 2024-2028 Regional planstrategi, s.39

<sup>20</sup> [nibr-rapport\\_2023-3-.pdf](#), s. 74-76.

# Vestland sine mål og prioriteringar i musikkpolitikken

Vestland fylkeskommune sin innsats på kulturfeltet er forankra i [«Kultur bygger samfunn», Regional plan for kultur 2023–2035](#) med Handlingsprogram 2023-2026. Hovudmålet er at alle skal kunne delta, oppleve og skape. Fylkeskommunen vil leggja til rette for at ein kan skapa, utøva og formidla musikk i heile fylket, noko som institusjonar, organisasjonar og det offentlege har eit felles ansvar for. Difor er distriktsmusikarordninga oppretta, eit samarbeid mellom kommune og fylkeskommune som støtter opp under musikklivet i distriktskommunar med liten tilgang på profesjonelle musikarar. I tillegg støttar fylkeskommunen turneverksemd og festivalar, og administrerer ei rekke tilskotsordningar. Det skal jobbast med kunnskapsgrunnlag og strategi for festivalfeltet i 2024/2025.

Ei av prioriteringane i musikkpolitikken er å styrke fordjupingstilboda og talentsatsinga i Vestland. Det er ei målsetting å vidareutvikle samarbeidet mellom vidaregåande opplæring, utdanningsinstitusjonane og kulturinstitusjonane. Ei anna viktig oppgåve er å auka samarbeid og kompetanseoverføring mellom dei store institusjonane og det frivillige kulturlivet. Grunnlaget for å bli kunstnar eller kulturarbeidar vert for mange lagt via deltaking i frivillige lag og organisasjonar, i grunnskulen, kulturskulen eller i møtet med Den kulturelle skulesekken. Det ligg eit stort potensial i samskaping mellom profesjonelle og frivillige, og i å styrke møteplassar og kompetansedeling mellom desse.

Fylket har ein rik tradisjon innan folkemusikk og folkedans. Det å halde denne tradisjonen levande gjennom formidling og rekruttering, inneber både bevaring av immateriell kulturarv og eit grunnlag for kunstnarleg nyskaping. Fylkeskommunen har som mål å utvikle Vestland som nasjonalt tyngdepunkt for folkemusikk, og å styrke folkemusikk og folkedansfeltet gjennom kunnskap og nettverksarbeid. Samtidig vil ein vidareutvikle arbeidet med tradisjonelle handverk og anna immateriell kulturarv.

Vestland fylkeskommune ønskjer òg å støtte opp under skaping av ny musikk. Samtidsmusikken har små, men gode miljø, og treng offentleg støtte for å kunne forsette den gode utviklinga.

Polyfon kunnskapsklyngje for musikkterapi ved Griegakademiet på UIB byggjer eit nasjonalt samarbeid om musikk og musikkterapi. Fylkeskommunen vil kartlegge musikkterapiressursar i fylket, og danne nettverk for desse. Vidare vil fylket bidra til å vidareutvikle Polyfon i tverrfagleg samarbeid om musikk som folkehelseressurs, til dømes med Idrettsklynge Vest og Alrek helseklynge.

# Vestland fylkeskommune sine økonomiske verkemiddel på musikkfeltet

Vestland fylkeskommune skal utvikle ein regional politikk for utvikling av kunst- og kulturlivet innan frivillig og profesjonell sektor i heile fylket. Den mest uttalte utfordringa for kulturlivet er det økonomiske grunnlaget. Derfor er tilskot viktige regionale verkemiddel, mellom anna driftstilskot, investeringstilskot og prosjektbasert støtte.

Mottakarane skal vere regionale verksemder som medverkar til kulturelt og kunstnarleg mangfald og kulturell utvikling i fylket. Det blir lagt vekt på geografisk nedslagsfelt og verkeområde, i tillegg til regional funksjon i kraft av oppdrag, storlek, fagleg tyngd, kvalitet og sær preg.

Avdeling for Kultur og folkehelse i Vestland fylkeskommune driftar fleire ulike tilskotsordningar som er relevant for musikkfeltet.<sup>21</sup><sup>21</sup> Fylkeskommunen fordeler mange millionar til frivillige og profesjonelle aktørar, som er avgjerande for den kulturelle utviklinga i fylket. Dette er likevel ein liten del av samla offentlege utgifter til kultur (stat, fylke og kommune).<sup>22</sup>

Tilskot blir fordelt på fleire løvingsområde, der kulturutvikling, kulturformidling og kulturarv er spesielt relevante for musikkfeltet. Fysisk aktivitet og inkludering (kultur og helse) har òg musikkrelaterte tilskotsordningar.

Som samfunnsutviklar skal Vestland fylkeskommune blikk for heilskapleg samfunnsutvikling. Fleire tilskotsordningar er fag- og sjangeroverskridande, til dømes kulturelt utviklingsprogram, tilskot til prosjekt og tiltak, tilskot til kulturhus, tilskot til frivillige organisasjonar, tilskot til kunstproduksjon, kunstformidling og kunstnarstipend.<sup>23</sup> Derfor er det vanskeleg å gi en oversikt over alle tilskot som går til musikkfeltet, og beløpa vil endre seg frå år til år alt etter kva for nokre aktørar som får tilkjent støtte.

Sektorbudsjett 2024 for kultur og folkehelse viser ei detaljert oversikt over tildelingar.<sup>24</sup>

## Tilskot til kulturutvikling

Tilskot som er spesifikt retta mot musikk:

- Kunstnarstipend musikk – seks stipend à 40 000
- Folkemusikkstipend<sup>25</sup> - eitt stipend á 60 000 kr
- Folkemusikk Ung – to stipend á 25 000 kr til søkerar under 30 år
- Distriktsmusikarordninga fekk løyvd 5,09 millionar kroner i 2024

Gjennom sektorbudsjettet, driftstilskot til kunst- og kulturverksemder, har Bergen Nasjonale Opera,

---

<sup>21</sup> [Søk på alle tilskot og stipend - Vestland fylkeskommune](#)

<sup>22</sup> [Offentlige utgifter til kultur – SSB, 24.10.2024](#)

<sup>23</sup> [Søk på alle tilskot og stipend - Vestland fylkeskommune](#)

<sup>24</sup> Sektorbudsjett 2024 for kultur og folkehelse - oppfølging av budsjettvedtak i PS 116/2023 i Fylkestinget. Sektorbudsjettet for 2024 er på rundt 800 millionar kroner, der tilskot utgjer 662 376 kr, det vil si 84 % av budsjettet.

<sup>25</sup> [Folkemusikkstipend - Vestland fylkeskommune](#)

Opera Nordfjord, Samtidsmusikkensemplet BIT 20 og Edvard Grieg Kor fikk støtte gjennom fleire år. Bergen Nasjonale Opera og Opera Nordfjord har såkalla «romertalsvedtak» med vedtaksfesta fordeling mellom kommune, fylke og staten.

Edvard Grieg Kor er det einaste profesjonelle koret i landsdelen. I tillegg til det profesjonelle vokalensemplet som deltek regionalt, nasjonalt og internasjonalt, og som drivkraft i større kor, driv organisasjonen (Edvard Grieg Korene) eit svært viktig arbeid med utviklinga av klassisk korsong for barn i fylket. Det er naturleg at fylkeskommunen deltek med eit større bidrag, saman med stat og Bergen kommune, for at dei skal kunne oppretthalde og vidareutvikle sitt arbeid både som profesjonelle utøvarar og det omfattande arbeidet for rekruttering og talentutvikling blant barn og unge.

Andre musikkrelaterte tiltak som har fått midlar gjennom sektorbudsjettet, til drift av lokale til kunstproduksjon, er Lydgalleriet, Bergen senter for elektronisk kunst og History Disposal Unit/Kunsthuset WRAP. Sistnemte er viktig infrastruktur og produksjonsstad for mange aktørar innan det frie profesjonelle feltet innan fleire kunstartar.

I tillegg får enkelte institusjonar spelemediar frå den desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbrygg som fylkeskommunen tildeler etter fordeling frå Kultur- og likestillingsdepartementet, og ved enkeltvedtak kan det òg løvvast midlar til kulturarenaer med regionale funksjonar i tillegg. Vestland fylkeskommune er medeigar i Grieghallen IKS, og betalar m.a. sin andel av lån til renovering og oppgradering av bygget. Det er òg gitt midlar til skisseprosjektet for Griegkvartalet, eit nytt musikkteater.

Nettverks- og kompetanseorganisasjonar for det frie, profesjonelle kunstfeltet er viktig for utviklinga av denne delen av kunstfeltet. Det er difor løyvd midlar til blant anna Brak, Hardingpuls og Vestnorsk jazzsenter. Alle desse jobbar regionalt og er viktig for kunstnarane i det frie feltet og formidlinga av profesjonell kunst i fylket, og organisasjonane i Vestland har vore pionerer i slikt arbeid.

Det blir gitt tilskot til lokale for kunstformidling, og til ei rekke festivalar. Døme er Stiftelsen kulturhuset USF, som har viktige lokale for formidling av musikk, Stiftelsen Musikkelskapet Harmonien, som fekk tilskot for turné i Sogn og Fjordane, og 18 musikkfestivalar. Festivalane har stor breidde innan ulike musikksjangrar, til dømes Bergen kirkeautunnale, Ekko-festivalen og Gloppen musikkfest.

Det er lagt vekt på dei festivalane som initierer eigne produksjonar og som tek ei særleg viktig rolle for utviklinga av sin sjanger. Til dømes Osafestivalen er i ferd med å bygge opp festivalen som sentral møtestad for folkemusikken, både for publikum og utøvarar i alle aldrar. Førde internasjonale folkemusikkfestival er ein av landets leiande festivalar innan tradisjons- og world music. Vossa Jazz er ein av dei viktigaste jazzfestivalane i landet. Dei legg stor vekt på utviklinga av sjangeren, og har mange eigeninitierte produksjonar. Vestland fylkeskommune finansierer òg Vossa jazz-prisen.

Borealis festival for eksperimentell musikk har tatt ein internasjonal posisjon i sin del av musikkfeltet. Dei initierer i stor grad òg eigne produksjonar og nyskapande prosjekt innan m.a. mangfold og inkludering. Dei har m.a. fått prosjektstøtte gjennom Kulturelt Utviklingsprogram til dette i tillegg til driftsstøtte gjennom sektorbudsjettet.

Tilskot til frivillige organisasjonar og andre kulturaktivitetar omfattar fleire aktørar på musikkfeltet, mellom anna folkemusikklag, kor forbund, musikkorps forbund og Vestland musikkråd. Andre aktørar er

Grieg internasjonale korfestival, Hardingfela.no, Orkesteret Fossegrimen, Sogn og Fjordane symfoniorkester og Stiftelsen Musikkenskapet Harmonien BFUng.<sup>26</sup>

AKKS er en idealistisk musikkorganisasjon som jobbar for å rekruttere, motivere og synleggjøre kvinner i alle ledd av musikklivet. De har fått tilskot, saman med Ole Bull Akademiet og Stiftelsen prof. Jiri Hlinka klaverakademi, som driv med talentutvikling og opplæring.

## Tilskot til kulturformidling

Vestland fylkeskommune har ansvar for å leggje til rette for og formidle kunst- og kulturtildø til barn og unge gjennom Den kulturelle skulesekken (DKS). Fylkeskommunen forvaltar ordninga, og programmerer DKS-tilbodet til grunnskulane (med unntak av skulane i Bergen) og til dei vidaregåande skulane i fylket. DKS er finansiert gjennom spelemidlar.

DKS når ut til rundt 46 000 skuleelevar i grunnskulen og rundt 22 000 elevar i vidaregåande skular i Vestland årleg. Av det samla talet på 2250 arrangement som Vestland organiserer, er over 360 vigtig musikk. DKS sysselset mange musikkarar, og minst 75 utøvarar vart engasjerte over fleire dagar i 2023<sup>27</sup>. I tillegg kjem DKS-arrangement som kommunar har ansvar for.

Ung Kultur Møtest (UKM) er ein kulturarena og møteplass for ungdom. Mønstringa er open for alle typar kulturuttrykk som teater, musikk, kunst, dans, film og lyrikk. Fylkeskommunen har ansvar for ordninga regionalt, følgjer opp og stimulerer til aktivitet i kommunane, arrangerer fylkesfestival og deltek på landsfestivalen med ungdom som har gått vidare frå fylkesfestivalen. UKM skal byggast ut som eit heilårleg tilbod til ungdom i heile fylket i samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen og UKM Noreg.

Distriktsmusikarordninga, eit samarbeid mellom kommunar og fylkeskommune, er ein reiskap for å støtte opp under musikklivet i distriktskommunar med liten tilgang på profesjonelle musikkarar.<sup>28</sup> Bruk av 38 frilansmusikkarar og distriktsmusikkarar skal utfylle kvarandre slik at regionale produksjonsmiljø får utvida kapasitet og gjennomføringskraft. Ordninga har m.a. ført til fleire nye stillingar med folkemusikk som arbeidsfelt. Dette styrker bevaring, utvikling og formidling av folkemusikken. Målet var i første omgang tre nye distriktsmusikarstillingar. To av desse stillingane er på plass og det er dialog om den tredje. Dette er ei refusjonsordning, der fylkeskommunen har forplikta seg til å dekkje 25 prosent av stillingane pluss noko til instrumentgodtgjersle, prøvespel m.m.

## Kultur og helse

Midlar til kompetansehevande tiltak innan fagområdet kultur og helse ble òg gitt. Den kulturelle spaserstokken er eit verkemiddel i eldrepoltikken i Vestland. Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi arbeider nasjonalt for å styrke det tverrfaglege samarbeidet om musikk som folkeheleressurs og for at musikkterapi skal vere tilgjengeleg for alle som ønskjer og treng det. Vestland fylkeskommune bidreg årleg med ein sum til klyngesamarbeidet på lik line med dei andre

<sup>26</sup> Vestland fylkeskommune: Sektorbudsjett 2024 for kultur og folkehelse, s.19.

<sup>27</sup> Vestland fylkeskommune (2023): *Den kulturelle skolesekken*. Årsrapport 2023.

<sup>28</sup> Fylkes- og distriktsmusikarordningane skal styrke det profesjonelle og frivillige musikklivet, og sikre tilgang til profesjonelle musikk-krefter i alle delar av fylket. Ordninga er vedteke vidareutvikla og utvida, jf. PS 130/2020 i Hovudutval for kultur, idrett og integrering og PS 109/2021 i Fylkestinget.

aktørane i samarbeidet.

## Kulturarv

Fylkeskommunen har hovudansvar for å forma museums politikken i fylket og utvikla dei konsoliderte musea i Vestland. Både stat, vertskommunar og kommunar mottek tenester frå musea i Vestland og medverkar til å styrkja drifta av institusjonane. Fleire komponistheim høyrer innunder musea i Vestland fylke.

Stiftelsen KODE – kunstmuseum og komponistheim, omfattar komponistheimane til Ole Bull, Harald Sæverud og Edvard Grieg.

Lysøen (Ole Bull), ligg i Bjørnafjorden kommune, og har frivillig verneavtaleform. Siljustøl (Harald Sæverud), ligg i Bergen kommune, og er freda etter kulturminnelova. Troldhaugen (Edvard Grieg), ligg i Bergen kommune, og er verna etter plan- og bygningslova.

I tillegg har Vestland Valenhuset (Fartein Valen), som ligg i Sveio kommune, og er verna etter plan- og bygningslova. Bullahuset (Ole Bull), ligg i Osterøy kommune.

## Immateriell kulturarv

Tradisjonsmusikken og folkedansen står sterkt i fylket, med profesjonelle og frivillige aktørar, institusjonar og organisasjonar som hegnar om denne kulturarven og som òg nyttar tradisjonsinstrument og handlingsboren kunnskap i samtidige kulturuttrykk. Derfor trengst sterke fagmiljø innan arkiv, museum og andre institusjonar som varetok den immaterielle kulturarven

Fylkesarkivet i Vestland driv eit omfattande arbeid på folkemusikkfeltet med eigen arkivarstilling stilling knytt til dette, særleg i nordre del av fylket. Hardanger folkemusikksamling er eit regionalt arkiv for folkemusikk i Hardanger.

Under allmenne kulturvernformal vert det utlyst eit utviklingsstipend i tradisjonshandverk på 50 000 kr. Stipendet skal gå til profesjonelle handverkarar i tradisjonsfag, som bur og har virket sitt i Vestland fylke, og som ønskjer å utvikle seg vidare etter formell utdanning. I 2023 gjekk det til Endre Lindtner Jørgensen, som spesialiserer seg på reparasjon av treblåsarinstrument, eit fag som er sterkt truga.<sup>29</sup>

Fylket har ein rik tradisjon innan folkemusikk og folkedans. Det å halde denne tradisjonen levande gjennom formidling og rekruttering, inneber både bevaring av immateriell kulturarv og eit grunnlag for kunstnarleg nyskaping. Vestland fylkeskommune ønskjer å vere eit forgangsfylke på feltet og gir difor driftstilskot til samarbeidstiltaket Hardingfela.no, Ole Bull Akademiet, Hordaland folkemusikkklag, Sogn og Fjordane folkemusikkklag, Osafestivalen og Førde internasjonale folkemusikkfestival i tillegg til å ha løyvd prosjektstøtte til ulike prosjekt som skal fremje og utvikle folkemusikk og -dans.

## Anna finansiering

I framlegget til statsbudsjett for 2025, er etableringa av regionale kulturfond ei av prioriteringane frå

---

<sup>29</sup> [Får 50 000 kr i utviklingsstipend i tradisjonshandverk - Vestland fylkeskommune](#), 31.10.2024.

Kultur- og likestillingsdepartementet. Av ei samla løying på 75 mill. kr er om lag 7.4 mill. kr øyremerkte til Vestland fylke. Midlane til regionale kulturfond skal, i samsvar med framlegget, forvaltast av fylkeskommunane, og kjem i tillegg til rammetilskotet og dei frie inntektene. Eit regionalt kulturfond vil innebere ei vesentleg styrking av dei kulturpolitiske verkemidla i Vestland.<sup>30</sup>

## Ansvars- og oppgåvefordelinga mellom kommunar, fylkeskommunen og staten

Vestland er eit sterkt kulturfylke der ei rekke einskildpersonar, institusjonar, prosjekt og arrangement i Vestland markerer seg i nasjonal og internasjonal samanheng.

Fem institusjonar er særstakt viktige i regional og nasjonal samanheng, og har difor særavtalar, det vil seie vedtak i Stortinget (Innst. 14 S (2021–2022), vedtak IV, der det er fastsett at dei offentlege tilskotspartane skal dele det ordinære offentlege driftstilskotet (romertalsvedtak)).

Dette gjeld primært for musikk og scenekunst-institusjonane Bergen Nasjonale Opera, Opera Nordfjord, Carte Blanche, Det Vestnorske Teateret, og Teater Vestland. Desse institusjonane finansierast i hovudsak etter ei fordelingsnøkkel der dekninga er slik: staten (70%), fylkeskommunen (22,5%) og relevant kommune (7,5%).

Statleg medfinansiering av KODE – kunstmuseum og komponistheim vart sikra i statsbudsjettet for 2024. Det er foreslått ein ansvarsdeling mellom stat, fylkeskommune og kommune for istandsettinga av Ole Bull sin villa og ivaretaking og drift av kulturmiljøet Lysøen.<sup>31</sup>

Fylkeskommunen har gitt støtte til skisearbeidet for realisering av Griegkartalet. Grieghallen opplever sprengd kapasitet og scenetekniske løysingar som gjer det utfordrande å produsere moderne musikkteater. Det er ein føresetnad at staten tek hovuddelen av kostnaden om eit nytt musikkteater skal bli realisert.

Vestland fylkeskommune peikar på at fylkeskommunal kulturpolitikk skal vere utviklande og samordnande, og spegle regional interesse og prioritering. Forvaltningsnivåa skal utfylla og styrkja kvarandre, og det trengst ei betre samordning av ansvarsfordelinga mellom staten, fylkeskommunen og kommunane for å utvikle feltet vidare.

*Vestland fylkeskommune, 06.11.2024.*

---

<sup>30</sup> Tilskotsforvalting og handlingsrom på kulturområdet- oppfølging av vedtak, saksnr. 2024/54088-1

<sup>31</sup> [Utvalgsmøte](#) 22-23.10.2024, PS 267/2024

# Litteraturliste

## Rapportar og planar

- Musikkontoret BRAK: Bergens musikkbransje. Kartlegging av bransje og frilansmarked  
 Norsk kulturråd (2022) Kunst i tall 2021. [3104e82c-f1bc-4210-9be1-a7b79d59b1b5](#)
- Onsager, K. (2023) Vestland fylke og regionane - nokre eigenskapar og utviklingstrekk ved samfunn og berekraft [nibr-rapport\\_2023-3-.pdf \(vestlandfylke.no\)](#)
- Samfunnøkonomisk analyse AS. Verdien av kulturlivet for Voss. Rapport 09-2024
- Vestland fylkeskommune (2023) [«Kultur bygger samfunn», Regional plan for kultur 2023–2035](#) med Handlingsprogram 2023-2026.
- Vestland fylkeskommune [Utfordringsrapport](#) for utviklingsplan for Vestland 2024-2028 Regional planstrategi
- Vestland fylkeskommune (2023): *Den kulturelle skolesekken*. Årsrapport 2023.
- Vestland fylkeskommune: Sektorbudsjett 2024 for kultur og folkehelse

## Nettsider

- [Søk på alle tilskot og stipend - Vestland fylkeskommune](#)
- [Folkemusikkstipend - Vestland fylkeskommune](#)
- Får 50 000 kr i utviklingsstipend i tradisjonshandverk - [Vestland fylkeskommune](#), 31.10.2024.
- [Coopérer avec l'international et accompagner le développement des pays du Sud | Région Normandie](#), 01.11.2024
- <https://hardangerfolkemuseum.no/hardanger-folkemusikksamling/>, 31.10.2024.
- <https://www.balansekunst.no/nyheter/2018/10/30/kartlegging-av-kjønnsfordelingen-i-bergens-musikkliv>, 30.10.2024.


## Statistikk

- Kulturtanken <https://www.kulturtanken.no/>
- Norsk kulturindeks: Lokalt kulturliv i norske kommuner. <https://kulturindeks.no/rapport/46/3/1>
- SSB: Offentlige utgifter til kultur, [24.10.2024](#)
- SSB: [Tabell 25. Sysselsatte<sup>1</sup> etter utvalgte kulturområder og kjønn. Per 4. kvartal – SSB, 30.10.2024](#)
- SSB: [Kjønnsfordeling blant utøvende<sup>1</sup> i Den kulturelle skolesekken etter kunst- og kulturuttrykk. Prosent. – SSB, 30.10.2024](#)
- [Hjemmeside - Ungdata](#)

## Politiske sakar

- [Utvalgsmøte](#) 22-23.10.2024, PS 267/2024

Tilskotsforvalting og handlingsrom på kulturområdet- oppfølging av vedtak, saksnr. 2024/54088-1



vestlandfylke.no

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering		18.01.2024

## **Sektorbudsjett 2024 for kultur og folkehelse - oppfølging av budsjettvedtak i PS 116/2023 i Fylkestinget**

### Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering legg til grunn Fylkestinget sitt vedtak i «PS 116/2023: Budsjett 2024 / økonomiplan 2024-2027. Arbeidsdokument 4/23» behandla i møte 13.12.2024
2. Hovudutval for kultur , idrett og inkludering vedtar sektorbudsjett 2024 for kultur og folkehelse slik det ligg føre i saka og med grunngjevingane lagt fram i vedlegg i saka.

### Samandrag

Fylkestinget vedtok i møte 13.12.2023 i PS 116/2023: Budsjett 2024 / økonomiplan 2024-2027. Arbeidsdokument 4/23. I tillegg til fylkesdirektør sitt forslag til budsjett 2024, vedtok fylkestinget følgjande tilleggsloyvingar for sektoren:

KFO	2 024	2 025	2 026	2 027	Merknad
Løns og prisjustering av tilskot	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000	
Den kulturelle spaserstokken	500 000	500 000	500 000	500 000	
Robin Hood huset	200 000				
Tannhelsehjelp papirlause	400 000				
Kode	-				Note 7
Gulatinget-Landslovjubileet	850 000				
Klimafestivalen	400 000				
Arbeid med Universell utforming/ CRPD	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	
<b>Samla:</b>	<b>7 350 000</b>	<b>4 500 000</b>	<b>4 500 000</b>	<b>4 500 000</b>	

Avdelingsdirektør legg fram forslag til sektorbudsjett for 2024 med endringar og fordeling av driftstilskot for sektoren i tråd med tilleggsloyvingane vedtatt av Fylkestinget.

**Per Morten Ekerhovd**  
**avdelingsdirektør**

**Odd Kenneth Mellingen**  
**seksjonssjef**

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

**Vedlegg**

- 1 Oversyn søknadar driftstilskot 2024
- 2 Grunngjeving og tildeling 2024 tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar (002)
- 3 Søknadar om driftstilskot 2024 til institusjonar og organisasjonar - kultur og folkehelse med grunngjevingar om tilsegn og avslag

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok i møte 13. desember 2023 PS 116/2023: Budsjett 2024 / økonomiplan 2024-2027. Arbeidsdokument 4/23.

I tillegg til fylkesdirektør sitt forslag til budsjett 2024, vedtok fylkestinget tilleggsløyvingar for sektoren på samla 7,35 mill. kr fordelt på varige løyvingar 5,5 mill. kr og eingongsløyvingar 1,85 mill. kr for 2024.

Avdelingsdirektør har innarbeidd tilleggsløyvingane i budsjettet og utarbeidd eit meir detaljert budsjett for sektoren. I forslaget til er drifta, alle tilskotsordningar og driftstilskot til enkeltmottakarar på løvingsnivå tatt med.

Brutto budsjett 2024 samla for sektoren vert på 782,15 mill. kr.

Netto budsjett på 381 150 000 kr.

Vedlegg finn ein:

RS 54/23 Oversyn innkomne søknadar på drift 2024 til institusjonar / organisasjonar- kultur og folkehelse som vart lagt fram i Hovudutval for kultur, idrett og inkludering den 23.05.2023. Dette er oversyn over alle søkerar på driftstilskot for 2024.

Søknadar om driftstilskot 2024 til institusjonar og organisasjonar - kultur og folkehelse med grunngjevingar om tilsegn og avslag.

Med unnatak av tilsegn, er alle tala i tabellane i vedlegga bygd på søkerane sine eigne innsendte tal.

### 1. Sektorbudsjett 2023 – Kultur og folkehelse

i 1000 kr

Løvingsnivå		Budsjett 2023 revidert	Budsjett 2024
Arkiv	Brutto driftsutgifter	9 888	9 792
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	9 888	9 792
Kulturformidling	Brutto driftsutgifter	74 804	75 261
	Driftsinntekter	-39 079	-41 751
	Netto driftsutgifter	35 725	33 510
Fysisk aktivitet og inkludering	Brutto driftsutgifter	352 229	336 236
	Driftsinntekter	-255 806	-255 668
	Netto driftsutgifter	96 423	80 568
Kulturarv	Brutto driftsutgifter	210 180	214 808
	Driftsinntekter	-	91 538
	Netto driftsutgifter	118 642	122 770
Kulturutvikling	Brutto driftsutgifter	138 243	135 797
	Driftsinntekter	-6 085	-10 040
	Netto driftsutgifter	132 158	125 757
Administrasjon av kultur og folkehelse	Brutto driftsutgifter	8 783	10 254
	Driftsinntekter	0	-1 500
	Netto driftsutgifter	8 783	8 754
Sum sektor	<b>Brutto driftsutgifter</b>	<b>794 127</b>	<b>782 147</b>
	<b>Driftsinntekter</b>	<b>-392 508</b>	<b>-400 997</b>

	<b>Netto driftsutgifter</b>	401 620	381 150
	<b>Netto driftsutgifter i 2024-kr</b>	422 710	

Til oppfølging av fylkestinget sitt vedtak i desember 2023, note 9, er det frå fylkesdirektør varsla ein reduksjon på posten reise og kurs som er estimert til om lag 0,5 mill. kr for sektoren. Det er tatt høgd for dette i tabellane. Det er varsla ytterlegare nedtrekk til planarbeid/drift. Dette er estimert til 0,4 mill. kr, og vil bli dekka inn med reduksjon i posten kunnskapsproduksjon på løvingsområde stab når reelle tal ligg føre.

## 2. Omtale av løvingsnivåa

### Arkiv

Arkiv	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Administrasjon	9 350	9 139
Digital infrastruktur	538	653
<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>9 888</b>	<b>9 792</b>
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>9 888</b>	<b>9 792</b>
<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>10 407</b>	

### Prioriteringar

Administrasjon er redusert grunna overføring av stillingsheimel frå Arkiv til Kulturutvikling i 2023. Det er behov for ei mellombels styrking av drifta i 2024 for å ta hand om dei arkiva som har lokasjon Bergen. Til dette vert det avsett kr 400 000. I tråd med politisk vedtak skal ny formidlingsportal som er ei vidareføring av dei tidlegare tenestene Grind og Kulturhistorisk leksikon, lanserast hausten 2024. Det ligg inne ei styrking med 150 000 kr i same posten.

### Oppgåver og tenesteproduksjon

Vestland fylkeskommune har ansvar for at arkiva vert tekne vare på og formidla som del av den samla samfunnsdokumentasjonen i regionen. I tillegg til fylkeskommunale arkiv gjeld dette private- og offentlege arkiv, foto, tradisjonsmusikk, stadnamn og audiovisuelt kjeldemateriale. I tillegg kjem munnlege og skriftlege tekstar.

Så lenge arkiva er fysiske, og brukarene er fordelt over eit stort geografisk område, er det nødvendig med utstrekkt reising for å levere gode tenester med innhenting av arkiv, og rettleiing og formidling. Det vil vere stort behov for desse tenestene også i 2024.

Det vert arbeidd kontinuerleg med å styrke og bygge ut samarbeidet med frivillig sektor, kommunar, bevaringsinstitusjonar og andre lokale aktørar.

### KULTURFORMIDLING

Administrasjon kulturformidling	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Administrasjon	20 084	20 494
Bibliotekprosjekt og tilskot	2 550	2 550
Tenester til bibliotek	5 323	7 823
Den kulturelle spaserstokken	4 245	-
Distriktsmusikarordninga	4 763	5 090
DKS – spelemidlar	35 899	37 271
Ung Kultur Møtast (UKM)	1 940	2 033
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>74 804</b>	<b>75 261</b>
<b>Sum brutto driftsinntekter</b>	<b>-39 079</b>	<b>-41 751</b>

<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>35 725</b>	<b>33 510</b>
<b>Netto driftsutgifter 2024-kr</b>	<b>37 602</b>	

### Prioriteringar:

Tenester til bibliotek

Transportordning mellom biblioteka i fylket

Fylkeskommunen administrerer og delfinansierer transportordninga som sikrar tilgang til bøker og andre media for alle innbyggjarar i fylket. Tenesta er vedtatt å halde fram (PS 118/2022) og fylkeskommunen er i anbodsprosess på vegner av kommunane i fylket og i samarbeid med Universitetet i Bergen og Høgskolen på Vestlandet. Ny transportordning har ein stipulert meirkostnad for fylkeskommunen på kr 1 300 000 i 2024.

Digitale ressursar

Det er eit vedtatt mål at fylkeskommunen skal bidra med 1/3 av det totale budsjettet til konsortiet for digitale ressursar (PS 45/2020) i biblioteka. Fylkeskommunale midlar til konsortiet er styrka med kr 50 000 for 2024.

Møte og kurs

Ei av fylkeskommunen sine lovpålagte oppgåver er å arrangere møte og kurs om bibliotekspørsmål jf. folkebiblioteklova §6. Eit vidstrakt fylke og generell prisauke gjev behov for å auke denne posten for å kunne oppretthalde aktiviteten. Midlar til møte og kurs er auka med kr 50 000 i 2024.

Den kulturelle spaserstokken

Frå 2024 vert ordninga flytta til seksjon for fysisk aktivitet og inkludering.

Distriktsmusikarordninga

Dette er ei refusjonsordning, der fylkeskommunen har forplikta seg til å dekkje 25 prosent av stillingane pluss noko til instrumentgodtgjersle, prøvespel mm. Budsjettposten er justert i tråd med generell løns- og prisauke.

Ung Kultur Møtest (UKM)

Det er eit mål at UKM skal byggast ut som eit heilårleg tilbod til ungdom i heile fylket i samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen og UKM Norge. Ordninga i Vestland skal evaluerast i Vestland i 2024. Budsjettposten er auka med 93 000,- for å styrke og vidareutvikle ordninga.

### Oppgåver og tenesteproduksjon

Bibliotek

Etter Folkebiblioteklova §6 skal fylkeskommunen ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling, gi råd til lokale styresmakter, yte bibliotekfagleg rettleiing og assistanse, og arrangere møte og kurs om bibliotekspørsmål. Fylkeskommunen initierer, leier og støttar utviklingsarbeid i biblioteka i tråd med Nasjonal bibliotekstrategi 2020 – 2023/2024 og regional kulturplan.

Fylkeskommunen arrangerer kurs og kompetansehevande tiltak for bibliotektilsette i fylket, og gjennomfører utviklingsprosjekt i samarbeid med kommunane. Fylkeskommunen administrerer og delfinansierer ei transportordning mellom biblioteka i fylket, i tillegg til eit konsortium for digitale tenester. Fylkeskommunen gjev råd til kommunane som bibliotekarar og yter fagleg rettleiing og assistanse på bibliotekområdet. Det er to tilskotsordningar på bibliotekfeltet.

Kulturproduksjon

Vestland fylkeskommune har ansvar for å leggje til rette for og formidle kunst- og kulturtild til barn og unge gjennom Den kulturelle skulesekken (DKS). Fylkeskommunen forvaltar ordninga, og programmerer DKS-tilbodet til grunnskulane (med unntak av skulane i Bergen) og til dei vidaregående skulane i fylket.

Fylkes- og distriktsmusikarordningane skal styrke det profesjonelle og frivillige musikklivet, og sikre tilgang til profesjonelle musikk-krefter i alle delar av fylket. Ordninga er vedteke vidareutvikla og utvida, jf. PS 130/2020 i Hovudutval for kultur, idrett og integrering og PS 109/2021 i Fylkestinget. Målet var i første omgang tre nye distriktsmusikarstillingar. To av desse stillingane er på plass og det er dialog om den tredje.

Ung Kultur Møtest (UKM) er ein kulturarena og møteplass for ungdom. Fylkeskommunen har ansvar for ordninga regionalt, følgjer opp og stimulerer til aktivitet i kommunane, arrangerer fylkesfestival og deltek på landsfestivalen med ungdom som har gått vidare frå fylkesfestivalen.

## Fysisk aktivitet og inkludering

Fysisk aktivitet og inkludering	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Administrasjon Fysisk aktivitet og inkludering	16 324	18 071
Folkehelsearbeid	5 908	5 622
Nasjonale folkehelseprogram	12 400	11 662
Kultur og helse		5 142
Tilskot mentor- og traineeordning for innvandrarar	1 020	
Tilskot spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet	236 906	236 906
Tilskot til etableraropplæring for innvandrarar	630	
Tilskot til nasjonale friluftslivsprosjekt	13 898	14 723
Tilskot til friluftsliv	6 500	6 500
Tilskot til idrettsarbeid	40 852	20 232
Tilskot til idrettsprosjekt	2 160	
Tilskot til inkludering og mangfold	5 831	7 578
Tilskot til jobbsjansen del B	9 800	9 800
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>352 229</b>	<b>336 236</b>
<b>Sum brutto driftsinntekter</b>	<b>-255 806</b>	<b>-255 668</b>
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>96 423</b>	<b>80 568</b>
<b>Netto driftsutgifter 2024-kr</b>	<b>101 487</b>	

### Prioriteringar

Jf PS 116/2023 i fylkestinget, er det behov for å styrke integreringsarbeidet med ei stilling frå 2024. Administrasjon fysisk aktivitet og inkludering er styrka med 0,85 mill. kr. I tillegg er det lagt inn ressursar til oppfølging av tilrådingane i tilstandsrapport over Vestland fylkeskommunen sitt arbeid med universell utforming (sjå under folkehelse).

### Driftstilskot

Det er motteke 30 søknader om driftsstøtte for 2024, jf tabellen under.

Løyvingsnivå/seksjonar	Driftsstøtte 2023	Søknad 2024	Endring +/-	Budsjett 2024	Tal søknadar
Fysisk aktivitet og inkludering	23 409 107	27 664 791	4 255 684	291 146 990	30

Avdelingsdirektøren gjer framlegg om å gje organisasjonar om lag 3,5% indeksjustert auke av driftstilskot i 2024. Enkelte aktørar får ingen eller ei mindre indeksjustert auke då dei ikkje har søkt om eit større beløp.

Retningslinene for ordninga driftstilskot til kunst, kultur og idrett er ikkje tilpassa aktørar innan folkehelse, inkludering og mangfold. Avdelingsdirektør foreslår å tilpasse gjeldande ordning eller etablere ei ny med tilpassa retningsliner.

## Tilskotsordningar

Vestland fylkeskommune forvaltar mange ulike statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar. Som oppfølging av regional kulturplan (2023-2035) og andre regionale planar, tilrår avdelingsdirektøren gjennomgang av fleire av desse ordningane.

Idrettsarbeid	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Berekraftig anleggsutvikling	200 000	100 000
Bergen Swim Festival	55 000	60 000
E-sportstrategi	310 000	310 000
Vestland E-sport	500 000	500 000
Heider til OL/VM medaljørar	100 000	190 000
Innvestering anlegg for større meisterskap	3 000 000	3 000 000
Stord Ishall	15 000 000	
Konferansar/ kompetanse	160 000	160 000
Idrettsklynge Vest	1 726 000	1 726 000
Lokal mobilisering mot doping	246 000	330 000
Nyskapande aktivitetsarena	2 620 000	2 700 000
Olympiatoppen Vest	855 000	888 000
Spillhuset		100 000
Stiftinga Ekstreme Voss	115 000	120 000
Stiftinga Solhovden	155 000	161 000
Store meisterskap	1 000 000	1 000 000
Vektløftar VM, Førde	7 000 000	0
Trond Mohn Games	1 000 000	0
Tour of Norway	500 000	0
Tilskot lågterskel fysisk aktivitet	2 000 000	2 000 000
Tilskot skianlegg for langrenn og turlangrenn	500 000	500 000
Utviklingsstipend	400 000	560 000
Vestland idrettskrets	5 570 000	5 827 000
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>43 012 000</b>	<b>20 232 000</b>

## Tilskot til idrettsarbeid

### E-sport og gaming

Vestland fylkeskommune har saman med Vestland E-sport og Idrettsklynge Vest, søkt Kultur- og likestillingsdepartementet støtte til eit nasjonalt kompetancesenter for dataspel og e-sport. Evt. kostnadjar vil slå inn seinare i økonomiplanperioden.

### Idrettens heidersdag

I samarbeid med Vestland idrettskrets og Olympiatoppen Vest er det sett av midlar til "idrettens heidersdag" med utdeling av utviklingsstipend og heider til OL og VM medaljørar. I tillegg til dei eksisterande 9 utviklingsstipenda, tilrår avdelingsdirektøren å styrke ordninga med 1 stipend øyremerka parautøvar, eitt til årets eldsjel, eitt til årets idrettslag topp og bredde. Avdelingsdirektøren tilrår å dekke meirbehovet på kr 250.000 innafor ramma tilskot til idrettsarbeid.

### Store meisterskap mv

Idrettslag, særforbund og skyttarlag kan søkje fylkeskommunen om tilskot til store nasjonale og internasjonale meisterskap. I 2023 vart det gitt eingongsløyving til tre arrangement på totalt 8.5 mill. kr. Fleire aktørar i Vestland er tildelt nasjonale og internasjonale idrettsarrangement i 2024 og i åra framover.

## Spillhuset i Bergen

Spillhuset er eit lågterskel tilbod med særleg fokus på å stimulere spel- og skaparglede blant barn og unge. Brukarane og dei frivillige er frå Bergen og omegn. Avdelingsdirektøren tilrår å tildele dei kr 100.000 ved å omprioritere innafor ramma tilskot til idrettsarbeid.

Friluftsliv	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Arboretet på Milde	228 000	236 000
Bergen og Hordaland turlag	970 000	1 005 000
Bergen og Omland Friluftsråd	3 750 000	3 850 000
Dagsturhytter og ro- og padleruter	1 600 000	1 850 000
Fjordane friluftsråd	1 016 000	1 052 000
Fleire kommunar med i eit friluftsråd	450 000	200 000
Forum for natur og friluftsliv Hordaland	160 000	190 000
Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane	217 000	224 600
Friluftslivet sitt hus i Hordaland	165 000	171 000
Friluftsrådet Vest	1 360 000	1 410 000
Haugesund turistforening	50 000	50 000
Norges Jeger- og Fiskeförbund Hordaland	160 000	200 000
Norges Jeger- og Fiskeförbund Sogn og Fjordane	150 000	150 000
Sogn friluftsråd		600 000
Sogn og Fjordane turlag	500 000	540 000
Tilskot plan for friluftslivets ferdsselsårer	1 000 000	800 000
Tilskot friluftslivaktivitet (statleg ordning)	2 500 000	2 500 000
Tilskot til tilrettelegging av statleg sikra friluftsområde (statleg ordning)	4 000 000	4 000 000
Turløyper på Kvamskogen	52 000	54 000
Vestkystparken	2 070 000	2 140 000
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>20 398 000</b>	<b>21 222 600</b>
<b>Sum brutto driftsinntekter</b>	<b>-6 500 000</b>	<b>-6 500 000</b>
<b>Netto driftsutgifter nominelt</b>	<b>13 898 000</b>	<b>14 722 600</b>

## Tilskot til friluftsliv

### Dagsturhytter og ro- og padleruter

Askøy kommune har vedteke å etablere dagsturhytte og det vert sett av tilskot på 200 000 kr i 2024. Dagsturhytteprosjektet skal evaluerast. Ro- og padleruter i Vestland 2022-2026 er ei prosjektet i samarbeid med kommunane, friluftsorganisasjonar og Norges Padleforbund. 31 av kommunane har fått tilskot til å kartlegging og gradere ro- og padleruter. Det er løyvd tilskot til tilrettelegging. Avdelingsdirektør foreslår å auke posten med 250 000 kr ved å omprioritere innafor ramma tilskot til friluftsliv.

### Friluftslivets ferdsselsårer

Midlane på denne posten vert nytta som eigendel for å søke om midlar til arbeid med plan for friluftslivets ferdsselsårer i kommunane frå Miljødirektoratet, og til kartlegging av universell utforming av turvegar/friluftsområde frå Kartverket. 8 kommunar er ferdige med planen, medan 5 kommunar enno ikkje har søkt om støtte. Avdelingsdirektør foreslår å redusere denne posten med 200 000 kr.

## Friluftslivet år 2025

I 2025 er det ei nasjonal satsing på Friluftslivets år for å skape varig auke i deltaking i friluftsliv. Avdelingsdirektør tilrår å bruke øyremarka fondsmidlar til å arbeide med Friluftslivets år i Vestland og til å styrke relevante tilskotsordningar med eit ekstra fokus på inkludering og integrering.

## Vestkystparken

Vestkystparken er eit regionalt partnerskap for samarbeid om friluftslivsområde langs kysten i Rogaland og Vestland. Fjordane Friluftsråd fekk i 2021 etablert skjærgårdsteneste. Frå 2022 vart midlane til denne skjergårdstenesta fordelt via Vestkystparken jf. føringar frå Miljødirektoratet. Minimum kr 363.000 av tildelinga er øyemerka Fjordane Friluftsråd.

## Sogn Friluftsråd

Kommunane Sogndal og Årdal har fått tilskot frå Vestland fylkeskommune til arbeidet med å etablere eit friluftsråd, og kommunane Vik, Aurland, Lærdal og Luster vart invitert inn i samarbeidet. Alle kommunane har vedteke å slutte seg til Sogn Friluftsråd frå 2024. Avdelingsdirektør foreslår å tildele Sogn Friluftsråd kr 600.000 i driftstilskot ved å omdisponere budsjettmidlar innan fysisk aktivitet og inkludering.

Integrering og mangfold	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Bergen Døvesenter	315 000	326 000
FN-sambandet i Norge	108 000	112 000
FRI Vestland	310 000	321 000
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon Vestland		100 000
Kirkens SOS	315 000	326 000
Konferansar/kompetanse		150 000
Raftostiftelsen	970 000	1 004 000
Skeiv Verden Vest		100 000
Stiftelsen Kirkens Bymisjon (helsecenter for papirlause)	1 018 000	740 000
Tannhelsehjelp papirlause		400 000
Stiftelsen Robin Hood-huset	1 008 080	582 400
Minnemarkering ettertankens dag	52 000	0
Vestland innvandrarråd	900 000	931 000
Integrering og mangfold – utlysing av prosjektstøtte	835 000	2 486 000
Tilskot til etableraropplæring for innvandrarar	631000	-
Tilskot mentor- og traineeordning for innvandrarar	1 020 000	0
<b>Tilskot integrering og mangfold</b>	<b>7 482 080</b>	<b>7 578 400</b>

## Integrering og mangfold

Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon Vestland er ein paraplyorganisasjon for 77 medlemsorganisasjonar i Vestland. Skeiv Verden Vest er ein interesseorganisasjon for LHBTIQ+ personar med minoritetsbakgrunn. Dei søker kvar om kr 500.000 i driftstilskot for 2024. Avdelingsdirektør å foreslår å tildele begge kr 100.000 i driftstilskot ved å omdisponere budsjettmidlar innan integrering og mangfold.

Fylkestinget vedtok i PS 116/2023 ei eingongsløyving til Robin Hood-huset på kr 200.000 og til tannhelsehjelp til papirlause på kr 400.000 for 2024. Midlane til tannhelsehjelp vert overført til Kirkens Bymisjon som koordinerer tilbodet.

Det eit stort behov for midlar til kompetansehevande tiltak innan fagområdet integrering, t.d. til konferansar, fagsamlingar/nettverk og kunnskapsgrunnlag. Avdelingsdirektør foreslår å setje av kr 150.000 ved å omdisponere midlar innanfor ramma.

Folkehelse	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Folkehelsearbeid	5 908 000	-
Tilskotsordning berekraftig samfunnsutvikling		3 000 000
Deltaking i nettverket Sunne kommunar		90 000
Kompetanse/ nettverk		250 000

Oppfølging tiltak handlingsprogram for folkehelse		1 114 884
Førebygging av sjølvmort (overført fra 2023)		400 000
Arbeid med universell utforming		200 000
Nasjonalforeningen for folkehelse i Hordaland og Sogn og Fjordane		150 000
NOK Hordaland		250 000
NOK Sogn og Fjordane		167 000
Folkehelseprogrammet i kommunane	12 400 000	9 500 000
Tilskot til etablering og utvikling av kommunale friskliv-, læring og meistringstilbud (statleg ordning)		2 062 000
Fiskesprellsatsinga i barnehagar og skular		100 000
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>18 308 000</b>	<b>17 283 884</b>
<b>Sum brutto driftsinntekter</b>	<b>-</b>	<b>12 400 000</b>
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>5 908 000</b>	<b>5 021 884</b>

#### Tilskot til folkehelse

##### Folkehelsearbeid

Fylkeskommunale midlar skal sikre gjennomføring av dei lovpålagde oppgåvane fylkeskommunen har innan folkehelse. Rammene for folkehelsesatsinga er handlingsprogram for folkehelse 2022–2025.

Fylkestinget løyvde for 2023 kr. 1 mill. i ei eingongsløyving til oppfølging av Handlingsplan for folkehelse 2022-2025. Fylkesutvalet vedtok i PS 277/2023 at 400 000 kr av desse midlane blir overført til 2024 for å følgje opp føreslått sjølvmordsførebyggande tiltak i avdeling opplæring og kompetanse.

Fylkestinget vedtok i PS 116/2023 ei varig løyving på kr 1 mill. kr til oppfølging av tilrådingane i tilstandsrapport over Vestland fylkeskommunen sitt arbeid med universell utforming. I PS 59/2023 gav fylkestinget følgjande føringar til fylkesdirektør; «tydeleggjere dei enkelte avdelingane sitt ansvar, og ved å plassere ansvaret for samordning av arbeidet med universell utforming med eigen stillingsressurs til ei hovudansvarleg avdeling».

#### Berekraftig samfunnsutvikling

Føremålet med tilskotsordninga berekraftig samfunnsutvikling er å fremje levande byar og stadar, klima- og miljøarbeid og sosial utjamning i kommunane. Tilskotsordninga inkluderer tverrsektorielle fagområde og avdelingsdirektør tilrår å setje av 3 mill. kr av midlar til folkehelsearbeid til tiltaket for 2024 (tilsvarande for 2023, kr 9 642.000 i samla fordeling).

#### Medlemskap i Sunne kommunar

Fylkestinget vedtok i PS 58/2023 at Vestland fylkeskommune skulle søke om medlemskap i det norske nettverket til WHO – Sunne kommunar. Vestland er no medlem og har forplikta seg til å betale ei årleg kontingen på 90 000 kr. Etter tre år skal deltaking i nettverket evaluerast og nytteverdien av vidare medlemskap vurderast. Kontingen vert dekt ved å omdisponere budsjettmidlar innan folkehelsearbeid.

#### Driftstilskot aktørar innan folkehelse

Nasjonalforeningen for folkehelsen i Hordaland og Sogn og Fjordane er frivillige, humanitære organisasjonar med 80 lokale helselag og demensforeiningar i heile Vestland. Dei søker kr 150.000 i driftstilskot for 2024. Avdelingsdirektør å foreslår å tildele dei driftstilskot ved å omdisponere budsjettmidlar innan folkehelse.

Nok. Bergen og Nok. Sogn og Fjordane skal medverke til å redusere sosial ulikskap når det gjeld å få kunnskap om seksuelle overgrep og hjelp til omarbeiding av skadeverknadane ved incest og seksuelle overgrep. Dei har søkt om kr 251.584 og kr 167.207 i driftstilskot for 2024. Tidlegare har dei fått tilskot frå Vestland fylkeskommune via midlar til folkehelsearbeid (PS 7/2023 i KULII).

Fylkeskommunalt bidrag løyser ut statleg støtte til drifta. Avdelingsdirektør å foreslår å tildele NOK-sentra driftstilskot ved å omdisponere budsjettmidlar innan folkehelse.

## Nasjonale folkehelseprogram

Nasjonale folkehelsesatsingar skal sikre midlar knytt til folkehelseprogrammet og frisklivsarbeidet i kommunane, og fiskesprellsatsinga i barnehagar og skular. Det er sett vilkår om at alle midlane skal nyttast til utviklingsarbeid i kommunane. Fiskesprell-kurs vert arrangert av fylkeskommunen som del av det regionale folkehelsearbeidet. Målet er å legge til rette for at barn og unge skal ete meir sjømat. Dette er eit kontinuerleg arbeid med laupande utgifter, og såleis tilrår avdelingsdirektør at desse midlane vert forvalta administrativt.

Kultur og helse	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Den kulturelle spaserstokken		4 917 000
Kunnskap/ kompetanse		150 000
POLYFON - kunnskapsklynge for musikkterapi		75 000
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>		<b>5 142 000</b>

## Tilskot til kultur og helse

Den kulturelle spaserstokken er frå 2024 overført frå seksjon for kulturformidling. Fylkestinget vedtok i PS 116/2023 ei varig auke på 500 000 kr til ordninga. Ordninga bør byggast gradvis ut som verkemiddel i eldrepolitikken i Vestland jamfør føringar i Regional kulturplan og PS 38/2023 i KULII. Det eit stort behov for midlar til kompetansehevande tiltak innan fagområdet kultur og helse, t.d. til konferansar, fagsamlingar/nettverk og kunnskapsgrunnlag. Avdelingsdirektøren foreslår å setje av kr 150.000 for 2024 ved å omdisponere midlar innan ramma.

Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi - ordninga er frå 2024 overført frå kulturformidling. Polyfon arbeider nasjonalt for å styrke det tverrfaglege samarbeidet om musikk som folkeheleressurs og for at musikkterapi skal vere tilgjengeleg for alle som ønskjer og treng det. Vestland fylkeskommune bidreg årleg med kr 75.000 til klyngesamarbeidet på lik line med dei andre aktørane i samarbeidet.

Kulturarv	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Adm. Kulturarv	28 125	29 287
Arkeologisk registrering	10 128	10 707
Vern av kulturminne	85 006	84 915
Ålmenne kulturvernfordmål	8 028	8 528
Museum	78 893	81 371
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>210 180</b>	<b>214 808</b>
<b>Sum brutto driftsinntekter</b>	<b>-91 538</b>	<b>-92 038</b>
<b>Netto driftsutgifter nominelt</b>	<b>118 642</b>	<b>122 770</b>
<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>124 872</b>	

## Oppgåver og tenesteproduksjon

Vestland fylkeskommune er forvaltingsstyresmakt med mynde heimla i kulturminnelova, og skal ta i vare ei rekke statlege og regionale oppgåver innanfor kulturminnevernet. Mellom desse er m.a. kulturminne i arealplansaker i fylket, forvalting av fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar, rettleiing og råd til kommunar, organisasjonar og andre.

Fylkeskommunen har hovudsvar for å forme museumspolitikken i fylket og utvikle dei konsoliderte musea i Vestland. Både stat, vertskommunar og kommunar mottek tenester frå musea i Vestland og medverkar til å styrke drifta av institusjonane.

## Arkeologisk registrering

Arkeologiske registreringar vert gjennomført av fylkeskommunane med heimel i kulturminnelova for å avklåre om eit tiltak eller ein reguleringsplan vil ha innverknad på automatisk freda kulturminne. Offentlege og større private tiltakshavarar vert, med heimel i kulturminnelova, pålagt å dekke store delar av kostnadene med desse registreringane. Tenesta har ut frå erfaringstal vore underfinansiert

og drifta må over tid styrkast for at tenesta vert balansert i høve etterspurnad og kostnadsauke. Avdelingsdirektøren vel å styrka tenesta med 0,5 mill. kr i 2024.

### Museum og ålmenne kulturvernføremål

#### Musea

Museum	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Museumsløft 2024	1 500 000	1 300 000
Bygningsverntenesta ved musea	2 196 122	3 300 000
Fartøyvern ved musea i Vestland (Savos)	1 626 040	1 626 040
Stiftelsen Baroniet Rosendal	1 709 985	1 769 834
Stiftelsen Bymuseet i Bergen	8 768 892	9 075 803
Stiftelsen KODE – kunstmuseer og komponisthjem	6 542 302	6 771 283
Stiftelsen Museum Vest	9 848 658	10 193 361
Stiftinga Hardanger og Voss museum	12 743 989	13 190 029
Stiftinga Kraftmuseet – Norsk vasskraft- og industristadmuseum	1 507 960	1 560 739
Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane	16 357 099	15 929 597
Stiftinga Museumssenteret i Hordaland	11 568 274	11 973 164
Stiftinga Nynorsk kultursentrums – Olav H. Haugesenteret	1 167 276	1 208 131
Stiftinga Sunnhordland museum	3 356 044	3 473 506
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>78 892 641</b>	<b>81 371 486</b>
<b>Sum driftsinntekter museum (Savos)</b>	<b>-780 000</b>	<b>-813 020</b>
<b>Netto driftsutgifter nominelt</b>	<b>78 112 641</b>	<b>80 558 466</b>

#### Prioriteringar

Avdelingsdirektøren gjer framlegg om at musea får 3,5% indeksjustert driftstilskot i 2024.

Museumsløft 2024 vert redusert med 0,2 mill., då tilsvarande sum kan kompenseras i 2024 med tilbaketrekte midlar frå ikkje-gjennomførte prosjekt. Innafor ramma på løvingsnivå har avdelingsdirektør funne rom for satsinga på eit regionalt likeverdig tilbod knytt til bygningsverntenesta. I samsvar med gjeldande kulturplan og Fylkesutvalet sitt vedtak i PS 218/2023 gjer avdelingsdirektøren framlegg om styrking av Bygningsverntenesta ved musea med 1,1 mill. kr til medfinansiering av rådgjevarstillingar ved Musea i Sogn og Fjordane og Museum Vest. Då statleg medfinansiering av KODE vart sikra i statsbudsjettet for 2024, vert heller ikkje det regionale tilskotet redusert med 1 mill. kr, jf. note 7 i Fylkestinget sitt budsjettvedtak.

#### Ålmenne kulturvernføremål

Allmenne kulturvernføremål	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Driftstilskot til regionale og nasjonale kulturminne	1 801 054	1 847 217
Stiftinga Oselvarverkstaden	1 806 480	1 869 707
Gulatinget	1 314 713	1 360 728
Gulatinget - Landslovjubileet	0	850 000
Utviklingsstipend i tradisjonshandverk	50 000	50 000
Verdiskaping på kulturminneområdet	400 000	600 000
Regionalparkane i Vestland	1 035 000	1 071 225
Selje pilegrimsenter	310 500	321 368
Bergen pilegrimsenter	310 500	321 368
Urnes verdsarvsenter	0	136 000

Bergen Nasjonale Veteranskipshavn	1 000 000	100 000
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>8 028 247</b>	<b>8 527 612</b>

Avdelingsdirektøren gjer framlegg om at kulturvernorganisasjonar får 3,5% indeksjustert driftstilskot i 2024. Som oppfølging av Fylkestinget sitt budsjettvedtak vert Tusenårsstaden Gulatingsstaden styrka med 0,85 mill. kr i samband med markeringa av Landslovjubileet. For deltaking i hovudprosjekt for den nasjonale satsinga på Den trondhjemiske postveg er verdiskaping på kulturmiljøområdet styrka med 0,2 mill. kr. Urnes verdsarsenter er autorisert og for å styrke formidlinga ved senteret gjer avdelingsdirektør framlegg om tilskot på 0,1 mill. kr. Driftstilskot til Bergen Nasjonale Veteranskipshavn på 1 mill. kr vart vedteke som eingongsløyving i 2023. Avdelingsdirektøren gjer framlegg om at BNV vert etablert som varig tiltak frå 2024 med 0,1 mill. kr.

#### Vern av kulturminne

Vern av kulturminne	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Tilskot til verdsarven	21 000 000	20 000 000
Tilskot til drift av verna fartøy (Savos)	3 000 000	3 000 000
Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy	14 200 000	18 500 000
Tilskot til profane mellomalderbygg	1 500 000	1 365 000
Tilskot til brannsikring av verneverdige trehusmiljø	600 000	1 700 000
Tilskot til mellomalderruinar	3 800 000	5 000 000
Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap	22 750 000	21 650 000
Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne	10 050 000	12 100 000
Tilskot til verna kulturminne i Vestland	1 700 000	1 600 000
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>78 600 000</b>	<b>84 915 000</b>
Tilskot til verdsarven	-21 000 000	-20 000 000
Tilskot til drift av verna fartøy (Savos)	-1 500 000	-1 500 000
Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy	-14 200 000	-18 500 000
Tilskot til profane mellomalderbygg	-1 500 000	-1 365 000
Tilskot til brannsikring av verneverdige trehusmiljø	-600 000	-1 700 000
Tilskot til mellomalderruinar	-3 800 000	-5 000 000
Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne	-10 050 000	-12 100 000
Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap	-22 750 000	-21 650 000
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>85 006 000</b>	<b>84 915 000</b>
<b>Sum refusjonar</b>	<b>-75 400 000</b>	<b>-81 815 000</b>
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>3 200 000</b>	<b>3 100 000</b>

Avdelingsdirektør gjer framlegg om at tilskot til verna kulturminne i Vestland vert redusert med 0,1 mill. kr. Andre regionale tilskot (netto driftsutgifter) vert tilrådd som nominell vidareføring i budsjettet for 2024 samanlikna med 2023.

#### Kulturutvikling

Kulturutvikling	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Adm. kulturutvikling	7 013	9 671
Språkkonferanse Nynorskhuset Førde	200	0
Kulturelt utviklingsprogram (KUP)	7 150	7 150

Kunstproduksjon – Kunstinstitusjonar, -org ol	55 739	59 393
Stønad etter vedtak – tilskot til prosjekt og tiltak	5 300	4 200
Tilskot kulturhus	25 495	15 700
Tilskot til frivillige organisasjoner/Andre kulturaktivitetar	17 537	18 304
Ymse B/U tilskot	2 602	2 683
Kunstformidling – Tilskot til drift av kulturhus/ lokale til kunstformidling og festivalar	15 706	17 196
Tilskot regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringar	1500	1 500
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>138 243</b>	<b>135 797</b>
<b>Driftsinntekter</b>	<b>-6 085</b>	<b>-10 040</b>
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>132 158</b>	<b>125 757</b>
<b>Netto driftsutgifter 2024-kr</b>	<b>139 099</b>	

### Oppgåver og tenesteproduksjon

Vestland fylkeskommune skal ta i vare oppgåver heimla i delegasjon av statlege forvaltingsoppgåver, og utvikle ein regional politikk for utvikling av kunst- og kulturlivet innan frivillig og profesjonell sektor i heile fylket. Tilskot er viktige verkemiddel, m.a. driftstilskot, investeringstilskot og prosjektbasert støtte. Mottakarane skal vere regionale verksemder som medverkar til kulturelt og kunstnarleg mangfald og kulturell utvikling i fylket.

Løyvingsnivået gjeld tilrettelegging av fylkeskommunale verkemiddel på kunst- og kulturområdet, og bidra til å utvikle den regionale kulturpolitikken. I tillegg til forvalting av økonomiske verkemiddel gjeld arbeidsområdet strategi, kompetanse, koordinering og mobilisering.

Auka i posten for administrasjon er grunna omorganisering frå førre budsjett og overføring av stillingar.

Språkkonferansen var ei eingongsløyving og knytt til opninga av Nynorskhuset i Førde.

Nokre av postane over er reine prosjekttilstoksordningar, mens andre inneholder driftstilskot til regionale organisasjoner og institusjonar. Driftstilskota vert omtala under kvart av områda. I vedlegg ligg det oversikt over søknader til driftstilskot, med grunngjervingar for tilråding. Prosjekttilstoksordningane er tilrådd på same nivå som i fjor. Stønad etter vedtak er redusert grunna at i denne posten låg eit tilskot til jubileumsutstilling for Landslovsjubileet inne i 2023. Elles inneholder denne posten ordningane Tilskot til prosjekt og tiltak, både for det profesjonelle og frivillige kulturlivet.

### Driftstilskot til kunst- og kulturverksemder

Det er motteke 114 søknader om driftsstøtte for 2024, jf tabellen under.

Løyvingsnivå/seksjonar	Driftsstøtte 2023	Søknad 2024	Endring +/-	Budsjett 2024	Tal søknadar
Kulturutvikling	96 482 630	124 321 350	27 838 720	1 873 036 848	114

Over 100 verksemder får driftsstøtte via sektorbudsjettet, til saman ca 90 millionar kronar. Det ligg også tilskotsordningar til prosjekt og tiltak, til saman omlag 17 millionar kronar, i tillegg til ordningar for kulturhus i budsjettet.

Det er etter ekstra løyving i fylkestinget høve til å legge inn 3,5% auke som ein regel. Unntak frå dette er særskilde behov eller satsingar som då vert kommentert under den enkelte tabell.

## Kunstproduksjon

### Kunstinstitusjonar

Musikk og scenekunst	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Bergen Nasjonale Opera	6 661 071	5 937 857
Carte Blanche	6 713 000	7 101 429
Det Vestnorske Teateret	9 567 000	9 901 845
Edvard Grieg Kor	568 000	800 000
Festspillene i Bergen (inkl. Festspillsatelitter)	5 408 000	5 597 280
Opera Nordfjord	1 795 000	1 840 179
Teater Vestland *	7 483 393	8 710 714
Bergen internasjonale teater (inkl Oktoberdans / Meteor)	854 000	883 890
Samtidsmusikkensemplet BIT 20	870 000	900 450

\*Inkludert bruk av fondsmidlar på 0,75 mill. kr.

### Drift av lokale til kunstproduksjon

TEATERDRIFT BERGEN AS / Cornerteateret	1 080 000	1 117 800
Aldea AS	125 000	129 375
Ambrosiahuset gjesteatelier (Bymuseet i Bergen)	75 000	77 625
Bergen senter for elektronisk kunst	155 000	160 425
History Disposal Unit – Kunsthuset Wrap	103 000	125 163
Hordaland kunstsenter	4 550 809	4 817 420
Hordaland kunstsenter – Internasjonalt Gjesteatelier	248 000	256 680
Sogn og Fjordane kunstsenter		1 000 000
Kunsthall 3,14 (Stiftelsen 3,14)	1 761 000	1 900 000
Kunstnarhuset Messen	206 000	213 210
Kunstnerverksteder CS55	55 000	56 925
Preform	264 000	273 240
S12 Galleri og verksted AS	103 000	106 605
Trykkeriet	123 000	127 305
Lydgalleriet	103 000	106 605

### Nettverksorganisasjonar og kompetancesentra for prof. kunst

Brak	515 000	533 025
Bergen dansesenter	500 000	540 500
Hardingpuls	140 000	160 000
Norsk Forfattersentrums Vestlandet	83 000	113 000
Proscen	264 000	273 240
Vestnorsk filmsenter	1 654 000	1 711 890
VESTNORSK FILMSENTER AS - BAKOM	515 000	533 025
Vestnorsk jazzsenter	1 615 000	1 671 525
VISP – Produsentenhet for visuell kunst	206 000	213 210
Tekstallianse	156 000	190 000

**Stipend og priser**

Vossa jazz-prisen	50 000	51 750
Stipend	1 170 000	1 260 000
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>55 739 273</b>	<b>59 393 187</b>
<b>Sum driftsinntekter – fondsmidlar</b>		<b>-750 000</b>
<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>55 739 273</b>	<b>58 643 187</b>

Kunstinstitusjonar:

Denne posten inneholder fire underkapittel:

- Musikk og scenekunst - Inneheld 9 av dei største aktørane, derav 5 har romartalsvedtak
- Drift av lokale til kunstproduksjon
- Nettverksorganisasjonar og kompetansesentera for profesjonell kunst
- Stipend og priser

Fem institusjonar er særskilt viktige i regional og nasjonal samanheng, og har difor særavtalar, d.v.s. vedtak i Stortinget (Innst. 14 S (2021–2022), vedtak IV der det er fastsett at dei offentlege tilskottspartane skal dele det ordinære offentlege driftstilskotet(vidare omtala som romartalsvedtak):

Bergen Nasjonale Opera	Stat 70%/VLFK 15%/Bergen kommune 15%
Opera Nordfjord	Stat 70%/VLFK 22,5 %/ Stad kommune 7,5%
Carte Blanche	Stat 70%/VLFK 15%/Bergen kommune 15%
Det Vestnorske Teateret	Stat 70%/VLFK 30%
Teater Vestland	Stat 70%/VLFK 22,5 %/ Sunnfjord kommune 7,5%

Bergen Nasjonale Opera fekk ei eittårig løying frå VLFK løying for 2023 på 1,8 mill. kr gjennom budsjettvedtak i fylkestinget. Dette gjorde at Vestland fylkeskommune då låg over sin avtalefesta del. Dei fleste av dei fem institusjonane har fått monaleg auke også frå staten dei siste åra. I dette forslaget til sektorbudsjett er det lagt opp til at fylkeskommunen akkurat oppfyller sine forpliktingar til dei fem institusjonane som er omfatta av vedtaket i Stortinget (Innst. 14 S (2021–2022), vedtak IV).

Elles vert det tilrådd løying utover den generelle prisauken til nokre aktørar som treng dette for å oppretthalde noverande nivå.

Edvard Grieg Kor er det einaste profesjonelle koret i landsdelen. I tillegg til det profesjonelle vokalensemplet som deltek regionalt, nasjonalt og internasjonalt, og som drivkraft i større kor, driv organisasjonen(Edvard Grieg Korene) eit svært viktig arbeid med utviklinga av klassisk korsong for barn i fylket. Det er naturleg at fylkeskommunen deltek med eit større bidrag, saman med stat og Bergen kommune, for at dei skal kunne oppretthalde og vidareutvikle sitt arbeid både som profesjonelle utøvarar og det omfattande arbeidet for rekruttering og talentutvikling blant barn og unge.

Hordaland kunstsenter er den tyngste satsinga til fylkeskommunen på det visuelle kunstfeltet. Dei er ein viktig institusjon for å ivareta enkeltkunstnarar, kunst i offentleg rom og kunstfeltet generelt i fylket. Fylkeskommunen er hovudtilskotsgjevar til senteret, og dei har tronde rammar. Det er tilrådd noko støtte til dei utover den generelle prisauken for å i hovudsak dekke auka personalkostnader.

Kunsthall 3,14 (Stiftelsen 3,14) er ein annan kunstinstitusjon der fylkeskommunen er hovudtilskotsgjevar. Dei har eit særleg perspektiv på internasjonal kunst og samfunnsliv utover den vestlege kultursfæren. Dei har også tronde rammar, og er tilrådd noko auke utover generell prisauke.

Sogn og Fjordane kunstsenter er ein ny post på budsjettet under kulturutvikling. Kunstsenterfunksjonen har dei siste åra ligge under Sogn og Fjordane kunstmuseum/Musea i Sogn og Fjordane, men er no vorte ein eigen organisasjon igjen. Det er difor, jf. avtale, overført 1 million kroner frå Musea i Sogn og Fjordane til kunstsenteret.

History Disposal Unit/Kunsthuset WRAP er viktig infrastruktur og produksjonsstad for mange aktørar innan det frie profesjonelle feltet innan fleire kunstartar, og har eit svært trøngt budsjett. Dei er tilrådd noko auke utover generell prisauke for sikre drifta betre.

Nettverks- og kompetanseorganisasjonar for det frie, profesjonelle kunstfeltet er viktig for utviklinga av denne delen av kunstfeltet, jf regional kulturplan. Det er difor tilrådd noko ekstra tilskot utover prisauken til nokre av desse; Bergen dansesenter, den tverrkunstnarlege kunstnarorganisasjonen Hardingpuls, Norsk Forfattersentrum Vestlandet og Tekstallianse. Alle desse jobbar regionalt og er viktig for kunstnarane i det frie feltet og formidlinga av profesjonell kunst i fylket.

Det er lagt inn noko auke i posten for stipend. Det er stor søking til kunstnarstipenda, og det vil også verte vurdert om ein skal etablere eit eige nynorsk litteraturstipend i høve nobelprisen til Jon Fosse.

### Kunstformidling

Tilskot til drift av kulturhus/ lokale til kunstformidling	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Cinemateket	109 000	112 815
Kulturhuset Østre	110 000	113 850
Litteraturhuset i Bergen	1 889 400	1 955 529
Sentralbadet litteraturhus i Odda	0	210 000
Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske Senter AS	1 110 000	1 148 850
Bergens kunsthall/Bergen kunstforening	453 000	468 855
Kraft Bergen AS	103 000	150 000
Kunstgarasjen	103000	200 000
Stiftelsen kulturhuset USF	125 000	129 375
Visningsrommet USF	55 000	56 925

### Kunstformidling

BARONIET ROSENDAL / DEN WEIS-ROSENKRONESKE STIFTELSE	103 000	106 605
Stiftelsen Musikkelskapet Harmonien, turnétilskot Sogn og Fjordane	103 000	106 605
Jakob Sande-selskapet	474 000	490 590
Rom for ord	350 000	362 250
Vestlandsutstillinga	316 000	350 000
VEVRINGUTSTILLINGA	100 000	103 500

### FESTIVALAR

#### Festival, musikk

Balejazz	203 000	183 000
Bergen Kirkeutunnale	96 000	99 360
Bergen Music Fest	103 000	106 605
Borealis-festivalen	230 000	300 000
Ekko-festivalen (Foreningen Ekko )	103 000	106 605
Fartein Valen-arbeidet / Fartein Valen – festivalen (Sveio kommune)	316 000	327 060
Førde Internasjonale Folkemusikkfestival	3 586 000	3 711 510
Gloppen musikkfest	316 000	327 000
Hardanger Musikkfest	379 000	392 265
Hardingtonar	94 000	97 290
Nattjazz	233 000	241 155
Norsk Countrytreff	771 000	797 985
Malakoff rockfestival	103 000	106 605
Grieg in Bergen (Musica Nord)	200 000	220 000
Osafestivalen	220 000	300 000

Rosendal kammermusikkfestival (Den Weis-Rosenkronske Stiftelse/Baroniet i Rosendal)	309 000	319 815
Vill Vill Vest	94 000	97 290
Vossa jazz	412 000	482 000

**Festival, Scenekunst, Litteratur, visuell kunst og film**

Barneteaterfestivalen på Stord/Falturiltu (STORD KOMMUNE)	412 000	426 420
Bergen Assembly/Bergenstriennalen AS	309 000	319 815
Bergen Fringe Festival(NO Fringe Festival AS)	103 000	106 605
Bergen internasjonale litteraturfestival	211 000	218 385
Bergen internasjonale filmfestival	371 000	418 827
Litteratursymposiet i Odda (Ullensvang kommune)	234 000	242 190
Nynorske litteraturdagar – (Aurland kommune)	78 000	78 000
Nordiske mediedagar - ung		200 000
Teaterfestivalen i Fjaler	423 000	437 805
Ulvik Poesifestival (Nynorsk kultursentrums/Olav H. Haugesenteret)	84 000	86 940
Klimafestivalen Varmere Våtere Villere	0	400 000

**Brutto driftsutgifter Kunstformidling****15 706 400****17 216 281**

I tabellen kunstformidling ligg m.a. tilskot til drift av viktige lokale for formidling av kunst. To av desse – Kraft og Kunstgarasjen er viktige for både formidling, sal og visning av kunsthandverk/materialbasert kunst og visuell kunst i regionen. Begge desse to har hatt svært stram økonomi dei siste åra og er avhengig av auke i tilskotet for å klare vidare drift.

Vestlandsutstillinga er ei viktig vandreutstilling i dei tre vestlandsfylka som også har hatt svært trønge ramar og er difor tilrådd noko auka tilskot.

Jf. Regional kulturplan skal det jobbast med kunnskapsgrunnlag og strategi for festivalfeltet i 2024. Det er gjort nokon justeringar i tilskot til enkelte av festivalane i dette budsjettframlegg som ein start på dette arbeidet. Det er lagt vekt på dei festivalane som initierer eigne produksjonar og som tek ei særleg viktig rolle for utviklinga av sin sjanger,

Osafestivalen er i ferd med å bygge opp festivalen som sentral møtestad for folkemusikken, både for publikum og utøvarar i alle aldre. Dei er tilrådd noko auke utover 3,5% for å kunne for å kunne ivareta og vidareutvikle denne rolla.

Vossa Jazz er ein av dei viktigaste jazzfestivalane i landet. Dei legg stor vekt på utviklinga av sjangeren, og har mange eigeninitierte produksjonar. Dei er difor tilrådd støtte utover generell prisjustering. Borealis festival for eksperimentell musikk har tatt ein internasjonal posisjon i sin del av musikkfeltet. Dei initierer i stor grad også eigne produksjonar og nyskapande prosjekt innan m.a. mangfold og inkludering. Dei har m.a. fått prosjektstøtte gjennom Kulturelt Utviklingsprogram til dette. Fylkeskommunen sitt bidrag har ligge noko lågt, og det tilrådast no støtte utover generell prisjustering. Balejazz er i mindre grad ein produserande festival. Det er difor tilrådd ein liten reduksjon i støtta til desse.

Det er tilrådd noko ekstra auke til Bergen internasjonale filmfestival. Dei er ein sterkt filmformidlingsaktør som har utvida si verksemd og m.a. har viktige tilbod til dei vidaregåande skulane i fylket. Den einaste nye søkjaren som vert tilrådd tilskot over budsjett under kapittelet kulturutvikling for 2024 er Nordiske Mediedager Ung – som også gir eit viktig tilbod til elevane i våre vidaregåande skular. Refleksjon kring mediebruk ol er eit særskild viktig tema for unge no.

Klimafestivalen Varmere Våtere Villere skal bidra til å gjøre klimadebatten mer tilgjengelig og engasjerende. Dei har fått eittårig tilskot i Fylkestinget for budsjettåret 2024. Dei har tidlegare fått slike tilskot, men då vart dei lagt inn i budsjettet til avdeling for næring, plan og innovasjon.

Festivalen er ein arena for å løfte breitt spørsmål kring klima, og kulturfeltet er tydeleg involvert. Denne løyvinga er difor no ført på kulturbudsjettet.

Nynorske litteraturdagar er ikkje tilrådd prisauke dette året. Dei er i ein fase der dei jobbar med korleis dei skal drive vidare, og avdelingsdirektøren ser det som riktig å avvente dette.

#### Tilskot til frivillige organisasjonar /Andre kulturaktivitetar

Paraplyorganisasjonar, fylkesledd ol.	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Folkeakademiet i Hordaland	270 000	279 450
Folkeakademiet i Sogn og Fjordane	95 000	98 325
Hordaland folkemusikklag	73 000	75 555
Hordaland husflidslag	400 000	423 000
Hordaland ungdomslag	31 479	32 581
Norges husflidslag, husflidskonsulent (kompetanseorganisasjon)	179 000	0
Norges Korforbund Hordaland	208 000	215 280
Norges Korforbund Sogn og Fjordane	65 000	67 275
Norges Musikkorps forbund Hordaland	515 000	533 025
Norges Musikkorps forbund Nordvest	245 000	253 575
Sogn og Fjordane folkemusikklag	316 000	327 060
Sogn og Fjordane husflidslag	170 000	370 000
Sogn og Fjordane ungdomslag	260 000	269 100
Vestland musikkråd	610 000	690 000
<b>Andre / ymse regionale kulturføremål</b>		
Bømlo Teater (inkl Mostraspelet)	382 000	395 370
Fyllingsdalen Teater	544 000	563 040
Fargespill	1 220 000	1 262 700
Grieg internasjonale Korfestival	103 000	106 605
Hardingfela.no	459 000	475 065
Kinnaspelet	103 000	106 605
Kystkultur No	1 083 000	883 000
Orkesteret Fossegrimen	227 000	234 945
Sogn og Fjordane symfoniorkester	106 000	109 710
Stiftelsen Musikkenskapet Harmonien, BFUng	167 000	217 000
Stiftinga Den Norske Bokbyen	351 000	363 285
Vestlandske teatersenter	530 000	548 550
Ymse internasjonalt samarbeid		-
Internasjonalt kultursamarbeid	250 000	250 000
Juleprosjekt Orknøyane, og Edinburgh	180 000	180 000
<b>Opplæring/undervisning ol</b>		
AKKS Bergen	54 000	55 900
Skrivekunstakademiet	3 468 000	3 840 000
Ole Bull akademiet	325 000	336 375
Stiftelsen prof. Jiri Hlinka klaverakademi	147 000	152 145
Stiftelsen Statsraad Lehmkuhl	3 258 000	3 372 030
Vestnorsk kulturakademi	421 000	470 000

Vaksenopplæringsføremål – tilskotsordning for studieforbund	412 000	426 420
Vaksenopplæringsforbundet VOFO	310 000	320 850
<b>Sum driftsutgifter Andre kulturaktivitetar</b>	<b>17 537 479</b>	<b>18 303 821</b>

Dei fleste sokjarane i dette kapittelet får generell prisauke. Kystkultur.no er føreslått trekt ned. Denne organisasjonen har gått gjennom stor forandring dei siste åra, og fylkeskommunen må vurdere om/korleis ein skal forsette støtta til denne verksemda.

Det er justert litt i tilskotspostane til husflidslaga. Tilskotet til husflidskonsulentane i Hordaland og Sogn og Fjordane blir no begge løyvd via regionlaga Hordaland husflidslag og Sogn og Fjordane husflidslag. Tilskot på 185 265 kr er flytta frå Norges husflidslag til Sogn og Fjordane husflidslag, for å harmonere støtta med den som er gitt til Hordaland husflidslag. Det forventast at Hordaland husflidslag bidreg med midlar for å delta i å finansiere konsulenten i denne delen av fylket. Dei to regionlaga er tilrådd ei løvving noko utover generell auke på 3,5 % for å løfte husflidsarbeidet i fylket.

Vestland musikkråd er den paraplyorganisasjonen som femnar breiast innan det frivillige musikkfeltet. Dei har utvida sitt verkeområdet frå tidlegare Hordaland til Vestland, utan særleg auka tilskot. Det er difor tilrådd ei auke til denne organisasjonen utover prisveksten.

Stiftelsen Musikkelskapet Harmonien, BFUng får noko auke. Dei er ein viktig arena for talentutvikling i fylket og har ligge på eit lågt tilskotsnivå.

Skrivekunstakademiet er viktig for utviklinga av forfattarar og litteraturmiljøet i fylket. Dei har tronge ramar og har måtte bruke av eigenkapitalen dei siste åra. Vestland fylkeskommune er einaste faste tilskotspart for akademiet. Det er særleg behov for auka midlar til lærekrefter. Dei er difor tilrådd ei auke utover generell prisauke til akademiet.

Vestnorsk kultarakademi er ein kurs- og læringsarena som er særleg viktig for å i vareta og formidle den immaterielle kulturarven. Driftsmodellen med mykle dugnadsinnsats ol er ikkje berekraftig i lenga, og drifta trengs å styrkast. Det vert difor gitt eit noko større tilskot enn generell prisauke.

#### Ymse barne- og ungdomsføremål

Ymse barne- og ungdomsføremål	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Tilskot barne- og ungdomsorganisasjonar	2 111 500	2 185 403
Dans uten grenser	179 220	185 493
Frivilligkonferanse og -pris	311 605	311 605
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>2 602 325</b>	<b>2 682 500</b>

Fylkesdirektøren legg inn noko auke i tilskotsordninga til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar for å kompensere for prisvekst (3,5%). I samband med Frivilligheitas år 2022 vart det budsjettert med 500 000 kr i ei eiga tilskotsordning, i tillegg til midlar til frivilligpris, frivilligkonferanse og andre tiltak. Tilskotsordninga vart ikkje vidareført, men det er sett av midlar til frivilligpris og frivilligkonferanse i 2024.

#### Tilskot til kulturhus

Tilskot til kulturhus	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Tilskot til kulturhus (spelemidlar)	4 084 631	6 608 333
Grieghallen	3 410 000	4 092 000
Sentralbadet scenekunsthus	5 000 000	5 000 000
Moster 2024/Moster Amfi	8 000 000	
Sunhordland museum	2 000 000	
Astruptunet, planlegging mm	1 500 000	
Grieg kvartalet	1 500 000	
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>25 494 631</b>	<b>15 700 333</b>
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-6 084 631</b>	<b>-9 290 333</b>
<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>19 410 000</b>	<b>6 410 000</b>

I denne posten ligg spelemidlar frå den desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbygg som fylkeskommunen tildeler etter fordeling frå Kultur- og likestillingsdepartementet. 2 mill. kr av spelemidlane blir lagt inn som del av fylkeskommunen sitt bidrag til finansiering av Sentralbadet scenekunsthus. Renteauke fører til fylkeskommunen må betale meir til avdrag på lån for renovering/ombygging av Grieghallen. Desse meirutgiftene vert også tatt av spelemidlane. Resten av spelemidlane blir fordelt i hovudutvalet gjennom eiga sak haust 2024, etter innstillingar frå kommunane.

Sunnfjord kommune har søkt om starttilskot til visningssenter ved Astruptunet i Jølster. Fylkestinget sette av 1,5 mill. kr til tiltaket ved budsjettet i 2023, men midlane vart trekt tilbake då vedtaket vart kjent ugyldig. Sunnfjord kommune har sendt inn ny søknad i 2023 som er godkjent, jf. retningslinjene i ordninga. Midlane som vart sett av ved budsjett 2023 blir derfor tildelt Sunnfjord kommune i 2024.

Dei andre postane var eingongsløyvingar i fylkestinget for 2023 som difor ikkje ligg inne i ramma for 2024.

Det vart lyst ut tilskot til Kulturarenaer med regionale funksjonar våren 2023. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering gjorde vedtak om prioriteringar av søknader i ordninga september 2023, sak 82/2023. Dette er ei ordning som ikkje har faste midlar i sektorbudsjettet og som er avhengig av ekstra løyingar under budsjethandsaminga i fylkestinget i desember. Dette var ikkje prioritert i budsjettet for 2024. Oversikt over søknadane med grunngjeving er vedlagt.

### STAB -administrasjon kultur og folkehelse

Stab	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Adm. stab	8 283	8 254
Kulturkonferansen	200	200
Kunnskapsproduksjon	300	1800
<b>Brutto driftsutgifter</b>	<b>8 783</b>	<b>10 254</b>
Driftsinntekter		-1500
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>8 783</b>	<b>8 754</b>
<b>Sum netto driftsutgifter i 2024-kr</b>	<b>9 244</b>	

Posten administrasjon stab er redusert som følgje av at ei fast stilling vart overført til seksjon for kulturutvikling. Elles er posten indeksregulert.

Elles er posten kunnskapsproduksjon auka monaleg, grunna auka behov for utgreiingar innan dei ulike fagområda i avdelinga. Posten vert i 2024 finansiert med 1,5 mill. kr tidlegare avsette fondsmidlar.

### Oppgåver og tenesteproduksjon

I hovudsak er staben sitt arbeid knytt til fellesoppgåver og oppgåver som elles ikkje fell inn under dei enkelte fagseksjonane sitt område.

Støttefunksjonane har som hovudmåla å avlaste og forenkle drifta i linja. Dette gjeld oppgåver som felles økonomistyring av rekneskap og budsjett, post/arkivtenester, støtte linjeleiarane i rekrutteringsprosessar m.m., sjå til at aktuelle rutinar og regelverk vert ivaretake, syte for tilskotsoppfølging og støtte arbeidet med bruk av elektroniske verktøy, og at dette vert følgd opp i samsvar med gjeldande retningslinjer.

### Kostnadsgrouper 2024

Fordelinga av sektorbudsjettet i ulike kostnadstypar er ein viktig del av fylkesdirektøren si økonomistyring. Summane for sektor og løvingsnivå er faste som vert endeleg vedteke, medan summar for kostnadsgrouper er å sjå på som summar som fylkesdirektøren vil styre etter. Summane kan med andre ord verte endra når sektorane er ferdig med detaljbudsjetteringa.

Kostnadsguppe	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Reise og kurs*	2 577	2 077
Konsulenttenester	500	500
Administrasjonsutgifter	2 085	3 159
Ordinære driftsutgifter	6 100	2 350
Lønsutgifter og refusjon	92 595	98 270
Ordinære inntekter	-385 793	-399 285
Andre utgifter og inntekter	683 554	674 579
<b>Samla</b>	<b>401 618</b>	<b>381 150</b>

\*I tabellen er reise og kurs kutta med 0,5 mill. kr.

### 3. Sektortabell endring fra 2023 til 2024

Løyvingsnivå:	Beløp	Moment
Arkiv	550	Styrking av formidlingsarbeidet
Kulturformidling	1300	Auka kostnad ny transportordning
Kulturformidling	534	Styrking - tilskot til drift og prosjekt
Kulturutvikling	3 700	Styrking - tilskot til drift og prosjekt
Fysisk aktivitet og inkludering	850	Styrking stilling på inkluderingsfeltet
Fysisk aktivitet og inkludering	200	Arbeid med universell utforming
Fysisk aktivitet og inkludering	1 980	Styrking - tilskot til drift og prosjekt
Kulturarv	2 511	Styrking - tilskot til drift og prosjekt
Kulturarv	500	Styrking feltarkeologi
Heile sektoren/avdelinga	5 175	Lønsauke
Løns og prisjustering av tilskot fordelt pro rata	4 000	Fylkestingsvedtak PS 116/2023
Den kulturelle spaserstokken	500	Fylkestingsvedtak PS 116/2023
Robin Hood huset	200	Fylkestingsvedtak PS 116/2023
Tannhelsehjelp papirlause	400	Fylkestingsvedtak PS 116/2023
Gulatinget-Landslovjubilet	850	Fylkestingsvedtak PS 116/2023
Klimafestivalen	400	Fylkestingsvedtak PS 116/2023
<b>Sum:</b>	<b>23 650</b>	

Kommentarar til tabellen

Seksjonane på avdelinga er identisk med løyvingsnivå. Sektoren fekk i første omgang for 2024 ei løns- og prisjustert auke samla på 16,3 mill. kr.

I tråd med politisk vedtak vidarefører Arkiv ny formidlingsportal til erstatning for dei tidlegare tenestene Grind og Kulturhistorisk leksikon. Vidare er det behov for midlertidig styrking av drifta i 2024 for å ta hand om arkiv lokalisert i Bergen. Samla utgjer auken 0,55 mill. kr.

Ny transportordning har ein stipulert meirkostnad for fylkeskommunen på 1,3 mill. kr i 2024.

Fysisk aktivitet og inkludering har sidan 2020 hatt ei vakant stilling i integreringsarbeidet, og avdelingsdirektøren har valt å tilsetje i stillinga frå 2024. Pårekna kostnad 0,85 mill. kr.

Arbeidet med Universell utforming/ CRPD vart styrka med 1 mill. kr, der 0,8 mill. kr til ei ny stilling og 0,2 mill. kr til opplæring- og kompetansetiltak. Avdelinga har klart å finansierer stillinga innafor eige budsjett, og desse midlane har gått til å styrke tilskot.

Feltarkeologiarbeidet har vore underfinansiert dei siste åra. Avdelingsdirektør har difor styrka feltet med 0,5 mill. kr i 2024.

Det er lagt inn ei styrking av tilskot på om lag 13,2 mill. kr til institusjonar, lag og organisasjoner.

Lønsposten er samla auke med om lag 5,2 mill. kr som følge av løns- og prisauke lagt inn med 5,2%.

Fylkestinget vedtok i desembermøte 2023, sak 116/2023 å utvide ramma for sektoren med 6,35 mill. kr i budsjettet for 2024. Fordelinga av desse midlane går fram av tabellen ovanfor.

### Vedtakskompetanse

Fylkestinget har i delegeringsreglementet m.a. lagt oppgåve og vedtaksmynde til Hovudutval for kultur, idrett og inkludering å behandle og gjere endringar på løyvingsnivå i sektorbudsjettet innafor totalramma for sektoren.

### Vurderingar og verknader

Økonomi:	Særs viktig dokument for økonomiutviklinga i fylkeskommunen
Klima:	Tiltak i økonomiplanen kan påverke klima
Folkehelse:	Tiltak i økonomiplanen kan påverke folkehelse
Regional planstrategi:	Utviklingsplan/ regional planstrategi er ein viktig premiss for tiltak i økonomiplanen

### Konklusjon

På bakgrunn av vedtak i Fylkestinget 13. desember 2023 «Budsjett 2024 / økonomiplan 2024-27» og vedtatt tilleggstabell, legg avdelingsdirektør fram endeleg forslag til sektorbudsjett for kultur og folkehelse.